

STRANDA KOMMUNE



BUDSJETT 2019 ØKONOMIPLAN 2019-2022

Formannskapet sitt framlegg 26.11.2018

Budsjettskjemaene på sidene 24-27 og økonomiplanskjemaene på sidene 28-31 er oppdatert i høve dei endringane formannskapet gjorde i budsjettet på sitt møte den 26.11.2018. Tekstdelen av dokumentet er ikkje endra i høve rådmannen sitt framlegg til budsjett.

INNHALD

1. Organisering av budsjett og økonomiplan	4
2. Status og utfordringar	5
3. Kommunen som arbeidsgjevar	7
4. Oppvekst	9
5. Næring, plan og tekniske tenester	11
6. Helse og omsorg	14
7. Stranda Hamnevesen KF	17
8. Interkommunale selskap og samarbeid	18
9. Økonomi	18
10. Budsjettskjema 2019	24
11. Økonomiplanskjema 2019 – 2022	28
12. Gjennomgang av einingane	32

VISJON

- **Stranda kommune skal vere eit samfunn der utvikling og trivsel står i sentrum, og gjer kommunen trygg og god å bu og leve i for alle aldersgrupper**

OVERORDNA MÅL

- **Leggje til rette for ei berekraftig utvikling av lokalsamfunnet der målet skal vere å ta vare på og styrkje busetnaden og folketalet i heile kommunen**
- **Ha ein målretta infrastruktur som sikrar innbyggjarane sine behov for arbeid, bustad, tryggleik, kultur og miljø, å syte for gode tenestetilbod innan for helse, omsorg, oppvekst og utdanning**
- **Ha ein organisasjon som er open og publikumsvennleg, der det vert lagt vekt på effektivitet, kvalitet, samarbeid og informasjon, og der innbyggjarane sine behov står i sentrum**
- **Føre ei kontinuerleg og samordna planlegging som sikrar kostnadseffektiv drift av kommunen, og som varetek måla der resultatet er målbart**

1. ORGANISERING AV BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN

Kommunen har sjølv ansvaret for god økonomistyring. God økonomistyring gjev handlingsrom til å realisere ambisjonar, og er sjølve grunnmuren i effektiv ressursforvaltning. For å kunne utøve god økonomistyring må vi stille oss spørsmål som: kor mykje vi skal produsere, kven skal tilbydast tenester, kva skal vi tilbyde, kven skal ta imot tenester og kven skal betale og korleis?

Målet med økonomistyring er å utnytte ressursane slik at kommunen sine langsiktige mål vert nådd. Økonomiplanlegging er eit verkty for utforming av politiske prioriteringar og fordeling av økonomiske ressursar, innanfor tilgjengelege økonomiske rammer. Økonomiplanen er såleis eit viktig strategi- og styringsdokument for kommunen.

Kommunen skal fastsetje ein økonomiplan som omfattar dei fire neste budsjettåra. Økonomiplanen skal rullerast årleg. Dette innebereg at økonomiplanen skal oppdaterast og byggje på endringar i alle typar rammevilkår, nye politiske prioriteringar og andre premisser som har økonomiske konsekvensar for kommunen i den komande fireårsperioden.

Kommunestyret vedtek inntektsrammene og gjere prioriteringar. Det er såleis ikkje høve til å delegere verken til rådmannen eller eit utval å gjere endringar i budsjettet som kommunestyret har vedteke. Kommunestyret vedtek nettoramme på einingsnivå.

Oppbygging av budsjett og økonomiplan

Årsbudsjettet er ein bindande plan for korleis ein skal nytte kommunen sine disponible midlar, og skal omfatte heile den kommunale verksemda, Budsjettet er basert på dei inntekter og utgifter det er realistisk og forvente. Budsjettet skal vere i balanse, det vil seie at alle postar er finansiert og alle midlar er disponert. Budsjettet er delt inn i drift og investering.

Det er ikkje lov til å vedta eit budsjett som ikkje er i balanse.

Økonomiplanen skal ta utgangspunkt i måla frå kommuneplanen sin handlingsdel og skal seie noko om kva tiltak som skal iverksetjast dei neste budsjettåra for å nå måla. Planen skal vere realistisk, omfatte heile den kommunale verksemda og gi ein god oversikt over inntekter, utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden. Det skal setjast opp med økonomisk balanse for kvart av åra i planperioden.

Budsjettdokumentet er bygd opp i seks delar:

- 1. Tekstdel.** Kort omtale av status, overordna utfordringar, tenestene og kommunen som arbeidsgjevar.
- 2. Budsjettskjema 1A – driftsbudsjettet** gjev ei samla oppstilling av føresetnadane i budsjettet knytt til:

- frie disponible inntekter
- rente og avdrag
- avsetningar
- kva som kan fordelast til investeringsbudsjett og til drift

3. Budsjettskjema 1B – driftsbudsjettet syner nettoløyving per eining og gjev uttrykk for den politiske prioriteringa. Samstundes er skjemaet utgangspunkt for økonomistyringa.

4. Budsjettskjema 2A – investeringsbudsjettet syner summen av investeringane og korleis dei er finansiert.

5. Budsjettskjema 2B – investeringsbudsjettet syner investering i bygg og anlegg og korleis desse er finansiert.

6. Einingsoversikt. Nøkkeldata for alle einingar.

Endring av nettorammer for den einskilde eining kan kunn gjerast av kommunestyret. I følge økonomireglementet kan verken formannskap eller rådmann flytte midlar mellom einingane.

Betalingsattsar/gebyr er ein del av inntektsgrunnlaget og vert vedtekne i kommunestyret i november/desember kvart år.

2. STATUS OG UTFORDRINGAR.

Kommunen skal kvart år lage ein plan for pengebruken dei neste fire åra, der hovudkravet er at kommunen har kontroll med kostnadane i heile økonomiplanperioden. Rådmannen legg opp til eit stramt budsjett med prioritering av kommunen sine kjerneoppgåver som helse, omsorg, oppvekst og kultur og planarbeid. Det overordna målet for kommunen er å etablere ein sunn økonomi som skal sikre innbyggjarane eit godt og mangfaldig tenestetilbod, ikkje berre 2019, men også i framtida.

Stranda kommune leverer gode tenester med god kvalitet, dette syner mellom anna brukarundersøkingar som har vore gjennomført innan skule, barnehage og pleie og omsorg. Vi vil legge opp til brukarundersøkingar innanfor fleire einingar i 2019. I tillegg vil vi utarbeide tiltaksplanar i samband med gjennomført medarbeiderkartlegging no i 2018. Oppfølging av eventuelle funn er viktig for leiarane med tanke på å setje i gong konkrete forbetringstiltak.

Stranda kommune har dei siste åra hatt god styring og kontroll med økonomien. Etablering av gode rutinar med struktur for oppfølging av einingsleiarane og krav til rapportering har synt seg å ha god effekt, og dette er framleis ei prioritert oppgåve frå rådmannen si side. Budsjettprossen er lagt opp som eit teamarbeid med innvolvering på alle nivå. Eg held fast på fast oppsett møteplan med leiarforum (alle einingsleiarane), rådmannen si leiargruppe,

næringsjef, plan og utviklingsavdelinga, samt budsjettsamtale med kvar einiskild einingsleiar i dialog med økonomisjef, kommunalsjef, personalsjef og rådmann. Dette for å kvalitetssikre at «kart og terreng» heng saman. Målet er å få innsikt i og kunnskap om drift og utfordringar som einingsleiarane opplever dei har. Einingane skal ha forutsigbare og realistiske budsjett og styre drifta etter.

Statusbudsjett legg føringar for statlege satsingar innanfor veksten i frie inntekter som kommunene får i 2019 og som delvis er finansiert:

- Folkehelseprogram fram til 2027, ei styrking av det førebyggjande arbeidet
- Barnevern, krav til auka kompetanse blir vidareført i samarbeid med KS og Bufdir
- Kompetansekrav til kommunene si legeteneste, alle legar skal vere spesialistar i allmenntmedisin.
- Auka tilskot til rekruttering av psykologar, plikt frå 2020.
- Betalingsplikt for rus og psykisk helse, med virkning frå 01.01.2019. Døgnpris på kr.4 880,- og betalingsplikt frå fyrste dag. Usikkert kva kostnad dette vil kunne gi.
- Tidleg innsats i barnehage og skule, ingen nye friske midlar i 2019
- Ny bemannings- og pedagognorm i barnehage, skal vere gjennomført innen 01.08.2019, ikkje ekstra midlar til dette.
- Norm for lærartettleik frå 2018 og innskjerpa i 2019. Finansiert med øyremerka tilskot, men ikkje auka opp i 2019.

Midlar som kommunen kan søkje på i høve:

- Auka overføringar til Enova og støtte til klimasats
- Støtte til innovasjonsarbeid i kommunesektoren
- Auka fokus på digitalisering og e- helse, virkemiddel for omstilling – breiband.
- Krav om at kommunesektoren i større grad utviklar digitale tenester til innbyggjarar og næringsliv og at kommunene tek i bruk teknologi i tenesteyting, td, velferdsteknologi.

Innslagspunktet for tilskot til ressurskrevjande brukarar er auka til kr.1 320 000,- (auka med kr 50 000,-). For Stranda kommune som har fleire brukarar innanfor denne ordninga vil det medføre auka kostnader sjølv om ein får kompensert 80 prosent av eigne netto lønsutgifter.

Vi har store utfordringar knytt til vedlikehald av bygningar og vegar. Det er no sett av midlar til asfaltering og vedlikehald i investeringsbudsjettet og i økonomiplanperioden. Vi har frå 2019 lagt alle kostnader til vedlikehald bygningar til vaktmeisterområdet. I tillegg har vi lagt inn ei stilling til på vaktmeistertenesta for å koordinere og administrere ordninga. Vi har teke ansvaret vekk frå einingsleiarane når det gjelde vedlikehald på bygg. Dette er eit fagområde

som vi meiner skal ligge inn under vaktmeistertenesta. Dette er for å kunne få ein betre oversikt, fagleg styring og prioritet av oppgåvene.

Vi har arbeid godt med planar og arbeid knytt til planarbeidet i 2018, spesielt gjelde dette kommuneplanen og samfunnsdelen. Dette arbeidet er ei viktig og prioritert oppgåve også i 2019.

Stranda kommune er framleis ei av kommunane i Norge som har høgst lånegjeld, og det gjer at kommunen har ein utfordrande økonomisk situasjon. Slik den økonomiske stoda er i dag vil Stranda kommune kunne meldast ut av ROBEK i juni 2019. Vi legg opp til å **ikkje** ta opp nye lån i 2019, kommunen skal nytte ubrukte lånemidlar til gjennomføring av investeringar lagt inn i 2019.

Å etablere ein tett og god dialog med lokalt næringsliv og bedrifter gjennom tilrettelegging av planprosessar og reguleringstiltak vil framleis vere ei av dei prioriterte oppgåvene framover. Dette kan vere tidkrevjande, men i samarbeid med private aktørar kan dette bidra til positiv utvikling for heile Stranda kommune på lang sikt. Vi vil legge opp til å vidareutvikle strategien for dette arbeidet også i 2019.

Rådmannen legg framleis opp til tett oppfølging, god kontroll med rutinar for rapportering for å ha oversikt og styring med økonomien i 2019 og i komande planperiode. Ein vil vidareføre månadleg avslutning av rekneskapen, og vidareføre månadlege økonomirapportar for dei einskilde eining og kommunen totalt. Dette er i tillegg til tertialrapportane som vert langt fram til politisk godkjenning. Meirforbruk på eit område skal framleis bli dekkja inn med innsparingar på eit anna område innanfor same driftseining.

3. KOMMUNEN SOM ARBEIDSGJEVAR

KS definerar arbeidsgjevarpolitikk som dei handlingar, haldningar og verdiar som arbeidsgjevar står for og praktiserer overfor medarbeidarane kvar dag.

Arbeidsgjevarpolitikken handlar mellom anna om å utvikle relasjonen mellom leiar og medarbeidar.

1. Stranda kommune skal framstå som ein attraktiv arbeidsgjevar både internt og eksternt.
2. Vi ynskjer å stadig utvikle verksemda med mål om å vere ein attraktiv arbeidsplass med eit mangfaldig og inkluderande miljø.

Inkluderande arbeidsliv (IA)

Stranda kommune har vore IA- bedrift sidan september 2003. IA- avtalen har vore eit viktig verktøy både for å få sett sjukefråværsarbeidet i system, men også for forståinga av kor viktig dette arbeidet er. Partane i arbeidslivet signerte i juli 2014 ny IA- avtale som gjeld ut 2018. Kva som skjer med IA- avtalen etter 2018 er enda usikkert.

Bedriftshelseteneste

Stranda kommune kjøper bedriftshelseteneste frå Stamina helse. Frå 1. januar 2010 fastsette arbeids- og inkluderingsdepartementet nye krav om bedriftshelseteneste i åtte risikoutsette bransjar. For kommunane innebar det at fleire arbeidstakarar skal vere tilknytt bedriftshelsetenesta. For 2019 er avsette midlar til dette føremålet kr. 300.000,-. Beløpet har ikkje vore regulert sidan 2010.

Sjukefråvær

Sjukefråværet (eigemeldt og sjukemeldt) i Stranda kommune frå 2. januar til og med 15. oktober 2018 er på 5,6% mot 5,3 % for same tidsrom i 2017 (*kjelde: Lønssystemet*).

Sjukefråværsprosenten varierer mellom dei ulike einingane. Arbeidsmiljøutvalet har sjukefråvær oppe som fast sak i alle møter, samstundes har kommuneleiinga eit løpande fokus på dette. Arbeidsmiljø og trivsel har mykje å bety for sjukefråveret. Det er viktig å stadig minne kvarandre på at vi har eit felles ansvar for arbeidsmiljøet og trivselen på arbeidsplassen vår.

Seniorpolitikk

Seniortiltaka i Stranda kommune vert vidareført i 2019 og gjeld for tilsette som har vore tilsett i Stranda kommune i minst 5 år og som ikkje tek ut heil eller delvis AFP. Ein kan velje mellom eit lønstillegg eller ekstra fridagar.

Rekruttering og kompetanse

Å sikre tilstrekkeleg arbeidskraft med rett kompetanse er avgjerande for å løyse oppgåver og utfordringar tilfredsstillande i åra framover. Det er spesielt utfordrande å rekruttere til ledige sjukepleiarstillingar. Dette er ei utfordring for veldig mange kommunar samt også for rekrutteringsbyråa vi har hatt kontakt med i forhold til dette. Stillinga som psykolog (trass fleire utlysingar) har vi enda ikkje lykkast å få tilsett nokon i. På den andre sida er det gledelege er at vi har fått tilsett i terapeut stilling ved sosialtenesta. Det er ikkje sett av midlar til rekrutteringstiltak i budsjettet for 2019.

Stranda kommune vil vere avhengig av godt kvalifiserte medarbeidarar i framtida, og fleire medarbeidarar vektlegg moglegheita til kompetanseutvikling høgt. Dette er eit av fleire tiltak for å rekruttere og behalde arbeidstakarar. I tillegg er tydeleg og god leiing, eit trygt arbeidsmiljø og gode tenester viktige faktorar. Det skjer mykje god kompetanseheving innanfor alle tenesteområda i organisasjonen. Kompetansehevinga er finansiert delvis gjennom statlege og fylkeskommunale tilskot, bruk av fond og noko midlar frå drift.

Avtalen med Norsk Helseinformatikk (NHI) om ulike e-læringskurs tilpassa kompetanse- og ansvarsområde til dei ulike yrkesgruppene i pleie og omsorg og habilitering/ rehabilitering, er vidareført i budsjett 2019.

4. OPPVEKST.

I det samla rammetilskotet for 2019 (Grønt hefte 2019) blir det, som tidlegare år, gjort korrigeringar på grunn av endringar i oppgåvefordelinga mellom forvaltingsnivå, regelendringar, nye oppgåver, innlemming av øymerka tilskot o.a.

For oppvekst er det ei endring.

Utviding av gratis kjernetid i barnehage også for 2 åringar er blant dei tiltaka som påverkar kommuneøkonomien ved lavare inntekt på barnehagane. Gratis kjernetid gjeld frå 1. august for 2, 3, 4 og 5 åringar i familiar med inntekt lavare enn kr 548 500,-

FAG 1022:

Omfattar i hovudsak skuleskyss, spesialpedagogisk hjelp til barn i førskulealder, barnehageplass i andre kommunar, grunnskuleopplæring for fosterbarn plassert i utanfor kommune og finansiering av private barnehagar.

To stillingar til SFO for barn med særlege behov er lagt inn i budsjett FAG 1022.

Nedgang i ramme kjem av bruk av fond, ingen fosterbarn i anna kommune og skuleskyss utan auke.

Grunnskule

I budsjett for 2019 er det i houndsak lagt til grunn ei vidareføring av tal på undervisningsstillingar og budsjetttrammer i skulane.

Unntak er:

Ringstad skule der det er lagt inn utviding av ei stilling til barn med særskilde behov, språkopplæring. Alle midlar til tidleg innsats 1. – 10. trinn som er lagt inn i budsjettet til Ringstad skule.

Geiranger skule og barnehage: ramma er tatt ned gunna nedgang i barnetal både i skulen og barnehagen.

Liabygda skule og barnehage er lagt inn med drift i heile året men med reduksjon i stillingar grunna nedgang i barnetal.

Fokus og utviklingsområder i grunnskulane:

Fokus på skulemiljø og og grunnleggande ferdigheiter i skulane gir elevane god trivsel og gode grunnleggande ferdigheiter.

Krav til kompetanse i Lov om Grunnskular. Dette skal fullførast innan 2025 og gir Stranda store utfordringar mtp kompetanseheving i faga norsk, matematikk og engelsk for å fylle

kompetansekrava. Målet er å ha 4-5 lærarar i vidareutdanning innan relevant fagområde. (matematikk, norsk, engelsk) kvart år dei neste åra.

Førebuing til å ta i bruk dei nye læreplanane i fag som skal gjelde frå 2020

Alle faga i grunnskolen og dei gjennomgåande faga i vidaregåande opplæring skal fornyast.



Målet er å styrke utviklinga av djupnelæringa og forståinga til elevane. Verdigrunlaget skal bli løfta fram i læreplanane, og elevane skal mellom anna arbeide tverrfagleg med demokrati og medborgarskap, bærekraftig utvikling, folkehelse og livsmeistring.

Læreplanane skal fornyast ved å gjere dei meir relevante for framtida. Faga skal få meir relevant innhald, tydelege prioriteringar og samanhengen mellom faga skal bli betre.

Stranda har ei utfordring knytt til språkopplæring og tilpassa undervisning for framandspråklege elevar, dette gjeld særleg Ringstad skule og Stranda ungdomsskule. God språkopplæring legg grunnlag for integrering.

Elevar med særlege utfordringar har auka og desse krev mykje ressursar, både økonomisk og menneskelege. Spesielt Ringstad skule har ei ytterligere auke i elevar som må følgjast tett opp.

SFO for barn med særlege behov

Det er lagt inn to stillingar til SFO tilbod til barn med særlege behov. Lokaler til dette tilbodet er tenkt i ambulansestasjonen i Hevsdalsvegen (jfr investeringsbudsjett). Tilbodet skal vere ein del av eit heilheitleg tilbod og skal sjåast i samheng med avlastning for barn (omtalt under eining for Hab/rehab). På denne måten kan ein bygge større stillingar og med det få kvalifiserte søkjarar samtidig som at tilbodet til barna vert meir heilheitleg.

Barnehage

Tre innførte endringar gir i kombinasjon ei utfordring for barnehagane

- 1) Nye tellereglar for 3 åringar er vedtatt frå august 2018. Det gjer at ein ikkje lenger kan ha eit justeringsopptak i desember. Dette gir mangel på barnehageplassar spesielt første halvår sidan barn vert fødd heile året og foreldre ønskjer barnehageplass til sine barn utanom hovudopptak som legg føringar for kva bemanning barnehagen skal ha.

- 2) Ny pedagognorm der pedagogar maksimalt kan ha ansvar for 7 barn under 3 år eller 14 barn over tre år. Det 8 eller 15 barnet utløyser behov for ei ny heil pedagogstilling. Det kan ikkje reknast etter forholdstal.
- 3) Bemanningsnorm med maksimalt 3 barn under 3 år eller 6 barn over 3 år per.

Innføring av gratis kjernetid, redusert foreldrebetaling og nye tellereglar gir økonomiske utslag. Inntektene til barnehagane går ned. Kommunen skal også dekke kostnadane for dei private barnehagane. Ordninga vert brukt stadig meir og utgjer etter kvart ein sterkt aukande kostnad kommunen .

Det er tatt høgde for auka pedagogtettleik og bemanningsnorm i budsjett for 2019 . Barnehagene oppfyller pedagognorm og bemanningsnorm med det tal på plassar dei pr i dag driftar.

Finansiering av ikkje-kommunale barnehagar ligg til kommunen. Dette er regulert av «forskrift om likeverdig behandling av ikkje-kommunale barnehagar. Satsen pr plass for 2019 er omlag tilsvarende løns- og prisvekst.

I budsjettet er det føresett at det ikkje vert auke i spesialpedagogiske tilrådingar i barnehagane i 2019.

Lærlingar:

Det er ikkje sett av midlar til lærlingar. Inntak av lærlingar må skje innanfor eininga si gjeldande budsjettramme og stillingsheimlar. Det må likevel nemnast at Stranda kommune i 2018 og planlagt for 2019 har fleire lærlingar enn dei har hatt dei siste 10 åra.

5. NÆRING, PLAN OG TEKNISKE TENESTER

Vatn, avløp og renovasjon (VAR)

Stranda kommune leverer tekniske tenester, infrastruktur og vedlikehald innan vatn, avløp og renovasjon til næringsliv og innbyggjarar. Stranda kommune har store næringsmiddelbedrifter som har behov for høg kvalitet på tenester og leveransar, noko kommunen forsøker å etterleve. Dette krev gode rutinar, god oppfølging og opplæring av mannskap, samt fleksible løysingar. Det vert heile tida arbeid for å forbetre desse tenestene. Jamn og sikker levering er viktig for kommunen. Derfor vil mykje av arbeid med drift på nettet bli utført på ei tid av døgnet då dei andre har fri. Kostnad er såleis høgare enn den ville ha vore på normal dagtid, men sikkerheit i levering og å hindre unødig driftstans for bedriftene er her avgjerande.

Stranda kommune har nær 8.200 meter med eternittrør som er ynskeleg å skifte, kostnadsrekna til om lag 48 millionar kroner. Dette må prioriterast saman med høgdebasseng Strandafjellet og reinseanlegg for avløp.

Veg og samferdsel

Samferdsel er avgjerande for lokalt næringsliv og ein viktig del av folk sin kvardag. For kommunen sitt ansvarsområde gjeld dette løyvingar til vedlikehald og brøyting av kommunal veg, samt planregulering. Drift av kommunale vegar er ei stor utfordring, og krev kløkt og fornuftig drift for å halde kostnader nede, samtidig som kostnad er avhengig av ver og då spesielt snøfall. For å oppretthalde dagens standard, har ein for lite midlar til drift både sommar og vinter.

Også for 2018 er det innarbeidd midlar til asfaltering – noko som er svært viktig. Kjem ein seint inn med asfalt/reasfaltering vil kostnaden auke grunna stor slitasje.

Beredskap, brann og feiing

Stranda kommune har ansvar for beredskapen i kommunen. I 2019 vil ein måtte arbeide med beredskap konkret for å tilpasse tidlegare lokale planar til nye overordna planar. Det er utarbeidd mal for desse aktørplanane som må lagast for alle aktørar som vert påverka av evakuering ved ras frå Åkneset.

Brannvernet er ein vesentleg del av kommunen sin beredskapsstyrke og har 24/7 vakt. Det er derfor viktig at ein har utrustning, personell og samband som er naudsynt for å kunne utføre denne tenesta på ein god, sikker og trygg måte for personell og dei ein skal yte teneste for.

Arbeidstilsynet har gitt frist til september 2019 for å rette avvik for brannstasjon Geiranger. Det er sett av midlar til prosjektering i budsjettet for 2019.

Næringsutvikling

Stranda kommune ynskjer å legge til rette for ei positiv næringsutvikling i kommunen. Kommunen og innbyggjarane nyt godt av lav arbeidsløyse og eit lokalt næringsliv som har vist evne til omstilling. Fleire bedrifter treng ny arbeidskraft. Dette betyr at ein må ha tilgjengelege og attraktive bustadområde, gode næringsområde og gode tilbod i sentrumsområda.

Stranda kommune skal også bidra til å ha fokus på lokal verdiskaping, trygging og etablering av arbeidsplassar. Dette kan vere bidrag gjennom HOPPID eller med tilskot til næringsformål gjennom næringsfondet. Frå administrasjonen si side vil kommuneleiinga også i 2019

prioritere møter med bedrifter for å lytte til behov og framtidsplanar, og sikre ein god og framtidsretta dialog.

Utarbeiding av næringsplan er eit viktig moment.

Areal- og planutvikling

Det har dei siste åra vore arbeidd aktivt med areal- og planutvikling i Stranda kommune. Ein stor del av desse har vore relatert til krav via plan- og bygningslov, samt tekniske forskrifter. Ein viser her til reguleringsplan for Stranda sentrum og Hellesylt sentrum og no Geiranger sentrum, samt for sjøområda. Dette har hatt store utfordringar både økonomisk og teknisk, samt intern ressursbruk i kommunen.

Kommunen er snart ferdig med samfunnsplanen og det er sett av midlar til planarbeid også neste år. Kommuneplanen sin arealdel er høgt prioritert.

Det er viktig at kommunen til ein kvar tid har ledige kommunale tomter i alle bygdelag. Dette gjeld både for bustader og areal for næringsutvikling.

Kart- og oppmåling

Denne avdelinga er viktig for dei som skal bygge hus og hytter m.m. i kommunen. God planlegging krev gode og oppdaterte kart. Område som er i stadig utvikling, t.d. i Hevsdalen, medfører behov for jamleg oppdatering av kartverket med tilhøyrande kostnader.

Avdelinga bidreg også elles med kart og opplysningar til firma som skal ha oppdrag i kommunen. Det er avsett midlar på 2019 budsjettet til å dekke kommunen sine forpliktingar oppimot Geovekstsamarbeidet.

Byggesak

For dei som har behov for handsaming av kommunen, er det viktig at ein har rimeleg sakshandsamingstid. Dette er viktig både for bustadbygging og næringsaktivitet.

Byggesakshandsaming er prioritert – og fekk tilført ressursar i 2017. Fagleg oppdatering skjer kontinuerleg og er viktig på grunn av stadig endringar i lovverket.

Vaktmeistertenesta

Gjennom dialogmøte har ein fått fram behova ved dei aktuelle bygg og korleis tenesta bør organiserast. Dette er det lagt til rette for i budsjettet.

Større endringar og auke i driftsbudsjettet på ansvar 5010, 6010 og 7010

Vaktmestertenesta: Midlar til vedlikehald er samla under vaktmestertenesta (frå andre einingar) for i større grad å sjå kommunal bygningsmasse i heilskap og prioritere utifrå det. I tillegg er det lagt inn ei stilling som skal administrere bygg og prosjekt på bygg, samt delta i praktisk arbeid. I dette ligg også ei flytting av ansvaret for bygga frå einingsleiarane.

IKT – Informasjonsteknologi

Avdelinga støtter opp om IKT-bruken i alle tenesteeiningar. Det blir gitt støtte til i overkant av 880 brukarar der 603 brukarar er innanfor oppvekst (lærarar og elevar). Totalt er det i overkant av 600 datamaskiner og 68 serverar i daglig drift som avdelinga har ansvaret for. I tillegg kjem nettbrett, mobiltelefonar (smarttelefonar) og multimaskiner (skrivar/kopi/skann/fax).

Vidare har Stranda kommune rundt 30 applikasjonar som avdelinga driftar heilt eller delvis. 5 fagsystem innanfor helse og omsorg blir drifta av PC Support AS. Avdelinga har også ansvaret for telefoniløysinga i kommunen som har rundt 220 brukarar.

Utviklinga går mot døgntkontinuerlig drift (24/7-365) på mange områder og innan helse og omsorg er vi der allereie. Den digitale endringa av offentleg sektor ser ein i samhandling og informasjonsutveksling i alt frå helsetenester til krisehandtering og dialog med innbyggjarane. For å vere rigga til å møte denne utviklinga er vi blant anna avhengig av å få til ei vaktordning innan ikt der vi kan vedlikehalde systema på kveld og helger samt at tilsette kan nå ikt-ressursar utanom normal arbeidstid.

Stranda kommune bør også starte prosessen om vi skal inn i eit eksisterande ikt samarbeid som eKommune Sunnmøre eller eventuelt vidareutvikle samarbeidet med Sykkylven og Stordal, som også står utanfor eKommune Sunnmøre. Eit forpliktande ikt samarbeid vil kunne gjere oss i stand til å levere endå betre tenester i tråd med forventningane om ei døgnopen forvaltning.

6. HELSE OG OMSORG

Kommunen har ansvaret for tenestetilbodet til alle mennesker med behov for helse- og omsorgstjenester. Dette er heimla i helse- og omsorgstenestelova og i helsepersonellova. Brukarane sine rettar følgjer av pasient – og brukerrettighetsloven.

Viser til vedlagt rapportar frå einingsleiarane med detaljert skildring av einingane.

Leiarar og tilsette i helse og omsorg har saman med konsulentfirmaet RO (ressurs og omstilling i kommunal sektor) gjennomført kartleggingar og analyser av tenestetilbodet i kommunen. Det har vore ein svært lærerik prosess med stor grad av involvering og medverknad frå tilsette på alle nivå. Rapporten peikar på fleire utfordringar i framtida med bakgrunn i noverande praksis. Rapporten vil danne grunnlag for vidare arbeid for korleis ein skal dimensjonere tenestene i framtida. Dette må sjåast i lys av nasjonale føringar og det økonomiske handlingsrommet kommunen har. Auka krav til kvalitet og omfang av tenester samsvarar ikkje alltid med tronge budsjetttrammer.

Det er sett av midlar til vidareføring av arbeidet med framtidig dimensjonering av helse og omsorgstenestene i kommunen.

I samband med framlagt statsbudsjett vil kommunen vil få auka kostnader til ordninga om ressurskrevjande tenester. Innslagspunktet har auka med kr 50 000, til kr 1 320 000,-. For vår kommune som har ti brukarar, vil dette medføre ein totalauke på kr 500 000,-

Elles ligg der føringar for betalingsplikt for rus og psykisk helse frå 01.01.2019 med ein døgnpris på kr 4 880,- frå fyrste dag. Det er framleis mykje usikkerheit i korleis denne ordninga i praksis skal gjennomførast. Formålet med betalingsplikta er mellom anna å skape gode og kostnadseffektive pasientforløp. Vi har enno ikkje organisert oss for å kunne ta imot denne gruppa då det har vore knytt mykje usikkerheit til korleis ein skal bygge den opp med tanke på kompetanse og plassering. Det er heller ikkje lagt inn ein sum for dette i budsjettet for 2019.

Det er lagt opp til eit krevjande kompetanseløft for legetenesta, då det er vedteke at alle legar i kommunehelsetenesta skal vere spesialistar i allmenntedisin. Samtidig blir sjølv spesialistutdanninga lagt om. Kommunane vil få eit betydeleg større ansvar for å planlegge og legge til rette for spesialistutdanning. Midlar til denne ordninga er ikkje øyremerka men er ein del av frie inntekter.

Eit anna viktig satsingsområde er innovasjon og digitalisering, det er mykje omtala i perspektivmeldinga. Digitalisering og e-helse står overfor store utfordringar i åra framover. Betre digital samhandling i helsetenestene er heilt nødvendig for å sikre pasientane samanhengande tenester av god kvalitet, men også for å utnytte ressursar i ei samla helseteneste betre enn i dag. Dette er knytt til prosjektet «en innbygger – en journal». Vi er med i ei samhandlingsgruppa knytt til helseplattforma i regi av helse Møre og Romsdal.

Utfordringar i einingane innanfor pleie og omsorg i og utanfor institusjon.

Helse og omsorgstenestene står overfor store oppgåver framover med bakgrunn i endringar i befolkningsamansetjinga. Dette saman med endringar i behov, auka levealder, betre behandling av alvorleg sjukdom og kortare liggetid i sjukehus har bidrege til at brukarane både i institusjon og heimeteneste trengje meir behandling og hjelp enn før. Behovet for

korttidsplassar aukar. God tilgang på korttidsplasser er viktig for å kunne arbeide med førebyggjande tiltak. Ei dreining av tenestene i form av fleire korttidsplasser og avlastningsplasser med ein reduksjon av tall langtidsplasser, vil føre til at fleire kan få tenester i institusjon i kortare periodar. Det vil også gjere det mogeleg for at fleire brukarar kan bo lengst mogeleg heime. Det må i framtida satsast meir på førebyggjande og helsefremmande tiltak slik at flest mogleg kan meistre eigen kvardag, og kunne bu lengst mogleg heime. Samarbeid og samhandling på tvers av fagområda krev utarbeiding av gode rutinar og prosedyrar som sikrar heilskaplege tenesteyting.

Vi må vurdere bufellesskap for demente. Per i dag har vi ei avdeling i Stranda distrikt med tilbod også på dagsenter.

Velferdsteknologi må framover nyttast i større grad enn vi nyttar i dag, og då må det vere ei klar målsetting at institusjonane og heildøgns bustader får tilgang på trådløst nett.

Dei største utfordringane som einingsleiarane peikar på er knytt til arbeidstidsordning med vakansar i helg og det å rekruttere fagfolk til ledige stillingar. Dette skaper utfordringar med rett og nok fagpersonell for å sikre god nok kvalitet på tenestene. Dei skildrar overbelegg og press på institusjonsplassar og ventelister på omsorgsbustader. Det andre prosjektet vi skal arbeide med er knytt til tildelingspraksis for å sjå på korleis vi nyttar ressursane både i og utanfor institusjon.

Det er også ei utfordring korleis ein har organisert tenesta innanfor brukerstyrt personelg assistanse (BPA). Dette er ei teneste som har ein auka i tal brukarar og krev mange årsverk.

Det er ikkje lagt inn auka i årsverk innanfor pleie- og omsorg då vi er inne i ein prosess knytt til prosjekt med arbeidstidsordning, tildelingspraksis og framtidig dimensjonering. Dette må sjåast i samheng før ein gjere vurderingar om nye årsverk.

Utfordringar innan psykisk helse og rus:

Tenesta opplever ein auke i tal brukarar med behov for bistand frå sosialtenesta, helsetenesta og helsestasjonen. Vi har per i dag ikkje gode nok koordinerte og heilskapelege terapeutiske tenestetilbod til denne målgruppa. Vi ynskjer å etablere ei samla tverrfageleg teneste som skal arbeide meir utadretta mot brukarane og arbeide vidare med å tilrettelegge aktivitetstilbod som kan gi brukarane auka grad av meistring og oppleving av mening i kvardagen. Gruppa – betre tverrfageleg innsats (BTI) har som mål å sikre at barn og unge får rett hjelp til rett tid.

Kommunen skal ha eit lavterskel tilbod innanfor psykisk helse til barn og unge, dette blir tatt i vare av helsesystemene. Det er lagt inn ei ekstra stilling på helsestasjonen.

Stranda kommune har fått tilskot til psykolog, og vonar å få denne på plass til kravet vert gjeldande frå 01.01.2020.

Utfordringar innan tenesteyting til menneske med nedsett funksjonsevne.

Vi opplever at det blir eit stadig større behov for bustadar som er tilrettelagt for funksjonshemma.

Det er lagt inn midlar for å etablere avlastningstilbod til familiar med særleg tungande omsorgsbehov. Dette er i samarbeid med skulefritidsordninga for å kunne få eit koordinert og samla tenestetilbod som igjen gir muligheit for større stillingar.

Endring av utgifter i dei ulike einingane for 2019

Stranda distrikt ansvar: 3010 – 3014

Ingen endring utover vidareføring av noverande drift.

Sunnylven distrikt ansvar: 3020

Denne eininga har få auka opp sitt budsjett med ei stilling som sjukepleiar.

Helsetenesta ansvar: 3050

Fått ein auke i budsjettet grunna ekstra stilling som helsesyster og auke i kjøp av teneste knytt til miljøretta helsevern.

Sosialtenesta ansvar: 3060 -3065

Auka knytt til etablering av felles barnevernsvakt og stilling som psykolog

Hab/ Rehab ansvar : 3040- 3043

Dette ansvaret vil for 2019 få auke i budsjetttrammene sine med bakgrunn i stilling knytt til ROP (dobbeldiagnose rus/psykiatri)

Geiranger ansvar: 3030

Ingen auke utover vidareføring av noverande drift.

7. STRANDA HAMNEVESEN KF

Stranda Hamnevesen KF har ansvaret for forvaltninga av sjøområdet i kommunen i medhald av Lov om hamner og farvatn og vedtak gjort av Stranda kommunestyre. Styret i Stranda Hamnevesen KF utarbeider eit eige framlegg til budsjett for hamnevesenet, og legg dette fram for kommunestyret som eiga sak. Budsjettframlegg frå Stranda Hamnevesen vil vere klart etter styret si strategisamling den 5. og 6. november 2018

8. INTERKOMMUNALE SELSKAP OG SAMARBEID

Stranda kommune har etter vedtak gjort av kommunestyret organisert delar av den kommunale verksemda i interkommunale selskap eller som interkommunale samarbeid. Kommunen er med i følgjande interkommunale selskap:

Namn på selskapet	Andel
Ålesundregionens Interkommunale Miljøsekskap IKS	4,9 %
Åknes/Tafjord Beredskap IKS	12,5 %
Kommunerevisjonsdistrikt nr 3 i Møre og Romsdal IKS	8,3 %
Interkommunalt Arkiv for Møre og Romsdal IKS	2,6 %
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS	8,3 %
Sunnmøre Regionråd IKS	5,9 %

Stranda kommune tek del i følgjande interkommunale samarbeid:

Namn på samarbeidet	Heimel
Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre	Kap. 5A
Nødnett/Legevaktformidling	Kap. 5A
Overgrepsmottak	Kap. 5A
Krisesenter	Kap. 5A
Partnerskap ALV Møre og Romsdal	Kap. 5A
Arbeidsgiverkontrollen	§ 27
Interkommunal veterinæravakt	§ 27

9. ØKONOMI

Innleiing

Rådmannen i Stranda kommune legg fram forslag til budsjett for 2019 i balanse. Det er lagt til grunn at Stranda kommune dekker inn siste rest av det akkumulerte meirforbruket frå perioden 2009-2012 i rekneskapan for 2018. Det er difor ikkje sett av midlar til inndekning av akkumulert meirforbruk i budsjettet for 2019. Stranda kommune vil bli meldt ut av ROBEK etter kommunestyret sitt vedtak av rekneskapan for 2018 i juni 2019.

Frie disponible inntekter for budsjettåret 2019 er estimert til NOK 300.705.446.- Det er totalt delt ut NOK 280.433.381.- til dei tenesteproduserande einingane i budsjettframlegget. Dette er ein auke på NOK 13.289.165.-, eller 4,9%, i høve det justerte budsjettet for 2018. Auken er 2,1% høgare enn veksten i frie inntekter til Stranda kommune, slik dei kjem fram i prognosa for kommunen sine rammeoverføringar og skatteinntekter i statsbudsjettet sitt vedlegg for kommuneøkonomien «grønt hefte». Auke ut over statsbudsjettet sitt anslag på vekst i frie inntekter er gjort mogleg ved å overføre 4.825.000.- av forventna rekneskapsmessig

mindreforbruk for rekneskapsåret 2018 til budsjett 2019. Overføring av meirinntekter frå 2018 til 2019 er etter anbefaling gitt av regjeringa i deira framlegg til statsbudsjett for 2019.

Ein gjer framlegg om å investere brutto NOK 77.530.000.- i anleggsmidlar i 2019. I samråd med Fylkesmannen i Møre og Romsdal har rådmannen vorte einig om å bruke av balanseførte ubrukte lånemidlar før ein søker om ytterlegare opptak av lån. Økonomisjefen har rekna ut at ein tåler bruk av omlag over 65 MNOK av ubrukte lånemidlar før kommunen sin likviditet vert for stram.

Rådmannen legg ikkje opp til auka inntekt frå eigedomsskatten i 2019 utover det som følgjer av skattlegging av nye eigedomar. Det vil seie at skattesatsen vert halde på 4 promille av skattetakst neste år. Regjeringa har i sitt framlegg til statsbudsjett for 2019 lagt opp til endringar i eigedomsskattelova som vil medføre at kommunane frå og med budsjettåret 2020 må ta ut produksjonsutstyr frå eigedomsskattegrunnlaget. Stranda kommune har i svært liten grad inkludert produksjonsutstyr i eigedomsskattetaksten for verk og bruk, og vil difor ikkje verte råka av dei framlagte forslaga til endringar i eigedomsskattelova.

Frie inntekter

I statsbudsjettet vert frie inntekter definert som summen av skatt og rammetilskott. I tillegg har eigedomsskatt, tilskott til flykningar og kompensasjonstilskott for investeringar i røynda den same funksjonen. Rådmannen vel å hente tal for dei frie inntektene for 2019 frå «grønt hefte», som er regjeringa sitt opplegg for kommuneøkonomien i samband med framlegginga av statsbudsjettet. Som omskrive ovanfor er regjeringa sitt anslag på veksten i frie inntekter for neste år på 2,8% for Stranda kommune sitt vedkomande. Dette er høgare enn tilsvarande anslag dei seinare åra, men jamvel ikkje meir enn Stranda kommune treng for å halde tritt med lønns- og prisstiginga som også er angitt til 2,8% i «grønt hefte» i form av den såkalla deflatoren for kommunal sektor.

Skatt

Forventa skatteinntekter for Stranda kommune er utrekna til NOK 122.444.000.- i 2019. Dette utgjer 40,7% av kommunen sine frie disponible inntekter for budsjettåret.

Rammetilskott

Forventa rammetilskott for Stranda kommune i 2019 er prognostisert til NOK 153.063.000.- Dette utgjer 50,9% av kommunen sine frie disponible inntekter for budsjettåret. Stranda kommune er minsteinntektskommune. Det inneber at 90% av skilnaden mellom eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet vert kompensert gjennom innteksutjamninga. Inntektsutjamninga vert utbetalt som ein del av rammetilskottet.

Eigedomsskatt

Rådmannen gjer framlegg om å skrive ut eigedomsskatt på 4 promille for alle skattbare eigedomar i heile kommunen i 2018. Inntektene frå eigedomsskatten er berekna til NOK 15.686.525.- for budsjettåret. Eigedomsskatt er ein lokal skatt som det er opp til kvart einskild kommunestyre å skrive ut innanfor ramma av eigedomsskattelova. Etter eigedomsskattelova har kommunestyret høve til å auke eigedomsskattesatsen til maksimalt 6 promille av skattetakst for budsjettåret 2019. Regjeringa har i samband med statsbudsjettet for 2019 gjort framlegg om endringar i eigedomsskattelova kor maksimal skattesats vert redusert frå 7 promille til 5 promille av eigedomsskattetaksten.

Lønns- og prisutvikling

I statsbudsjettet vert det lagt til grunn ein forventta lønns- og prisvekst (deflator) på 2,8% for 2019. Ved budsjetteringa av driftseiningane har ein søkt å budsjettere alle einingane frå grunnen av ved å gå gjennom kvar einskild post, og legge inn den summen ein meiner eininga treng, i staden for ukritisk å justere opp postane frå 2018 med deflatoren. Rådmannen er av den oppfatninga at dette gjev ein betre kontroll med kommunen sin økonomi, og eit budsjett som er betre egna som styringsverktøy, samanhalde med eit reint deflatorjustert budsjett.

Lånegjeld

Stranda kommune var fram t.o.m. 2013 gjennom ein periode prega av eit særst høgt investeringsnivå, noko som førte til ein sterk auke i samla lånegjeld. I 2014 vart det ikkje lånt opp nye midlar til investeringar, medan ein for 2015 fekk løyve frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal til å låne opp NOK 30.000.000.- i hovudsak for å finansiere bygginga av vatn og avlaup til industriarealet i Svemorka. For 2016 og 2017 vart låneramma sett til høvesvis NOK 24.000.000.- og NOK 23.000.000.- Stranda kommune har ikkje gjennomført låneopptak til investeringar i 2018, men brukar av balanseførte ubrukte lånemidlar for å finansiere desse investeringane.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har tidlegare signalisert at ein kan rekne med å få ta opp lån oppimot det ein betaler ned på lån i det same året. Denne «handlingsregelen» ville ved fullt låneopptak ha som konsekvens at samla lånegjeld i Stranda kommune vart lagt på ein stabil sum. Rådmannen legg ikkje opp til å ta opp nye lån til investering i 2019, men bygger framlegget til budsjett på at investeringane i budsjettåret skal gjennomførast ved bruk av ubrukte lånemidlar. Stranda kommune har ein svært høg gjeldsgrad, og det er ikkje tilrådeleg å auke samla lånegjeld over nivå ved avslutninga av rekneskapen for 2017.

Strategien med å ha ein relativt stor del av samla lån på flytande rente vil verte vidareført i 2019. Ein har i løpet av 2018 sett ein moderat oppgang i pengemarknadsrenta, og det er forventat at Norges Bank vil auke si foliorente 2 gongar i løpet av 2019, noko som sannsynleg vil slå igjennom i form av auka rentenivå i pengemarknaden. I september 2018 vart 2 av kommunen sine investeringslån på tilsaman 120 MNOK flytta over til eit fastrentelån med bindingstid 10 år i Kommunalbanken. Kommunen oppfyller etter dette sine eigne krav til rentesikring gitt i vedteke finans- og gjeldsreglement. Stranda kommune har to sertifikatlån på tilsaman NOK 226.091.000.- Desse vert rullerte kvar 3. eller 6. månad. Det er knytta ein viss refinansieringsrisiko til desse låna i form av at rentenivået kan variere meir enn for ordinære flytande lån, eller ved at ein i verste fall kan få problem med å få refinansiert låna ved rullering.

Av samla gjeld i kommunekonsernet på 799,8 MNOK ved utgangen av rekneskapsåret 2017 var om lag 133 MNOK knytta til investeringar innanfor VA-området, og såleis dekte gjennom kommunale gebyr på vatn og avlaup. 72,3 MNOK høyrte til investeringar gjort av Stranda Hamnevesen KF og vert dekkja av drifta i hamnevesenet. 13,7 MNOK var formidlingslån kor utgiftene vert dekte av eksterne låntakarar. 581 MNOK var knytta til investeringar som vert belasta kommunekassa.

Vegen vidare

Rådmannen har gjennomført tett oppfølging, kontroll og rapportering av den økonomiske utviklinga i Stranda kommune gjennom 2018. Dette vil verte vidareført i 2019 og i resten av planperioden. Økonomirapporten for 2. tertial 2018 syner at Stranda kommune kan forvente eit driftsmessig overskott på om lag 19,8 MNOK for året. Dette er eit godt resultat samanlikna med eit budsjett for 2018 som la til grunn eit 0-resultat. Rådmannen vil tilstrebe fortsatt streng økonomistyring og absolutt budsjett disiplin også i 2019 og vidare i planperioden. Revidert utgåve av forpliktande plan vil ikkje verte utarbeidd for 2019 sidan kommunen kan rekne med å verte utmeldt av ROBEK ved vedtaket av rekneskapsplanen for 2018.

Nedanfor følgjer budsjettskjemaene for 2019 og for økonomiplanperioden 2019-2022.

Investeringar

Rådmannen gjer framlegg om følgjande investeringar i 2019:

Utstyr data. Det vert budsjettert med NOK 500.000.- brutto til investeringar i oppgradering av kommunen sitt datautstyr utanfor skulane. Dette er ei investering som vert budsjettert kvart år og som reflekterer ein naudsynt kontinuerlig oppgradering av datautstyr.

Datautstyr skulane. Det vert budsjettert med NOK 600.000.- brutto til investeringar i oppgradering av kommunen sitt datautstyr i skulane og innkjøp av klasesett med «chromebooks». Sjå vedlegg frå einingsleiar IKT for utførleg informasjon.

Avlastning/spesial-SFO- ambulansestasjon. Det vert budsjettert med NOK 4.000.000.- brutto for å legge til rette for avlastningstilbod og spesial-SFO ved kjøp og tilrettelegging av ambulansestasjon.

Ringstad Skule – fjernvarme Det vert budsjettert med NOK 625.000.- brutto til sentral driftskontroll (SD) for temperaturstyring ved Ringstad Skule. Investeringa må sjåast i samanheng med løyving til tilsvarande føremål ved Strandahallen og Stranda Distrikt. Sjå vedlegg frå einingsleiar ved Ringstad Skule.

Ringstad Skule – brannsikring. Det vert budsjettert med NOK 1.000.000.- brutto til brannsikring ved Ringstad Skule. Sjå vedlegg frå einingsleiar ved Ringstad Skule for nærare beskriving.

Sunnylven Skule rehabilitering. Det vert budsjettert med NOK 20.000.000.- til planlagd rehabilitering av anlegget.

Pleie- og omsorg- prosjektmidlar dimensjonering. Det vert budsjettert med NOK 1.500.000.

Heiser - Det vert budsjettert med NOK 1.500.000.- brutto til heiser. Først og fremst Øynabygget, ev. også Geiranger og Sunnylven.

Storfjord kulturhus – scenerigg - Det vert budsjettert med NOK 250.000.- brutto til scenerigg. Nudsynt for å unngå driftsstopp.

Storfjord kulturhus – måling - Det vert budsjettert med NOK 1.000.000.- brutto til måling.

Kommunale formålsbygg – måling. Det vert budsjettert med NOK 1.000.000.- brutto til måling. Dette for å ta noko av etterslepet på vedlikehald, jf. dialogmøte tidlegare i år.

Strandahallen. Det vert budsjettert NOK 3.150.000.- brutto til nytt varme- og ventilasjonsanlegg samt sentral driftskontroll (SD) i Strandahallen.

Kyrkjeleg Felle råd. Det vert budsjettert med NOK 380.000.- netto til investeringsmidlar disponert av Kyrkjeleg Felle råd. Sjå vedlegg frå kyrkjevevjen.

Geovekst flyfoto. Det vert budsjettert med NOK 225.000.- brutto til Geovekst- forpliktinga for kartlegging.

Brannstasjon Geiranger. Det vert budsjettert med NOK 2.000.000.- netto til prosjektering av ny brannstasjon. Det er intensjon om at Politi og ambulanse kan vere i same bygg.

Pumpeasjon Helsemrika (VAR). Det vert budsjettert med NOK 2.250.000.- netto til oppgradering av pumpeasjon i Helsemrika. Dette ligg som opsjon i anbod som var ute i 2018.

Asfaltering. Det vert budsjettert NOK 1.875.000.- brutto til asfaltering av kommunale vegar. Dersom det går for lang tid til reasfaltering vil forfallet akselerere og kostnaden vert høgare ved reasfaltering (må legge tjukkare og i verste fall ta igjen underbygninga).

Elveforebygging Svemorka. Det vert budsjettert med NOK 5.000.000.- brutto til naudsynt utbetring av botnen i elva ved Svemorka. Flaum i oktober reiste med mykje av botnen slik at grunnsteinane som låg under elvebotnen no er avdekt og ein fort kan få omfattande skade på sjølve forebygginga.

Gangveg Ødegård. Det vert budsjettert NOK 1.000.000.- brutto til gangveg langs kommunevegen på Ødegård. Her er det snakk om kostand til arkeologisk utgraving, kjøp av grunn og prosjektering.

Strandvegen eternittsanering VAR. Det vert budsjettert med NOK 7.150.000.- netto til oppstarta arbeid med vatn/avløp i Strandgata. Rebudsjettering frå 2018.

Vatn/avløp Ødegård – industri (VAR). Det vert budsjettert NOK 1.000.000.- netto til utbygging av nett for vatn og avlaup på Ødegård. Dette er ei rebudsjettering av midlar løyvd i budsjettet for 2018 og skal nyttast til prosjektering.

Byggefelt Liabygda – veg. Det vert budsjettert NOK 3.000.000.- brutto til ferdigstilling av veg til byggefeltet i Liabygda. Dette er ei rebudsjettering av midlar løyvd i budsjettet for 2018 for ferdigstilling.

Kopane – byggefelt. Det vert budsjettert NOK 3.000.000.- brutto til byggefeltet Kopane i Geiranger. Dette er ei rebudsjettering av midlar løyvd i budsjettet for 2018.

Kryss FV60-Fursetreset. Det vert budsjettert NOK 15.550.000.- brutto til bygging av nytt kryss FV60-Fursetreset. Løyvinga er ei vidareføring og oppjustering frå budsjettet 2018.

10. BUDSJETTSKJEMA 2019

BUDSJETTSKJEMA 1A - drift					
Nr:	Post:	Budsjett 2019	Budsjett 2018 Opphavleg	Budsjett 2018 Justert	Rekneskap 2017
1	Skatt på inntekt og formue	(122 444 000)	(121 127 000)	(121 127 000)	(121 163 186)
2	Ordinært rammetilskott	(153 063 000)	(145 944 000)	(145 944 000)	(146 507 561)
3	Skatt på eigedom	(15 686 525)	(15 235 468)	(15 235 468)	(14 928 302)
4	Andre direkte eller indirekte skattar	(299 208)	(20 000)	(20 000)	(289 208)
5	Andre generelle statstilskott	(9 212 713)	(12 688 798)	(12 688 798)	(14 987 799)
6	Sum frie disponible inntekter	(300 705 446)	(295 015 266)	(295 015 266)	(297 876 055)
7	Renteinntekter og utbytte	(5 447 028)	(5 315 028)	(5 315 028)	(3 639 649)
8	Gevinst på finansielle instrument (omløpsmidlar)	-	-	-	-
9	Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	12 231 638	10 257 360	10 257 360	10 445 831
10	Tap på finansielle instrument (omløpsmidlar)	-	-	-	-
11	Avdrag på lån	26 000 000	26 000 000	26 000 000	24 191 351
12	Netto finansinntekter/ -utgifter	32 784 610	30 942 332	30 942 332	30 997 533
13	Til dekning rekneskapsmessig meirforbruk tidl. år	-	6 000 000	18 628 945	15 888 958
14	Til ubundne avsetningar	-	-	-	-
15	Til bundne avsetningar	2 264 271	3 212 027	3 212 027	7 695 435
16	Bruk av rekneskapsmessig mindreforbruk tidl. år	(4 825 000)	(3 000 000)	(15 628 945)	(11 396 263)
17	Bruk av ubundne avsetningar	-	(2 000 000)	(2 953 226)	(600 000)
18	Bruk av bundne avsetningar	(9 951 816)	(6 330 083)	(6 330 083)	(6 443 991)
19	Netto avsetningar	(12 512 545)	(2 118 056)	(3 071 282)	5 144 140
20	Overført til investeringsbudsjettet	-	-	-	-
21	Til fordeling drift	(280 433 381)	(266 190 990)	(267 144 216)	(261 734 383)
22	Sum fordelt til drift (Budsjettskjema 1B)	280 433 381	266 190 990	267 144 216	246 105 438
23	Meirforbruk (+) / Mindreforbruk (-)	0	0	0	-15 628 945
FOR sitt framlegg til KOM 26.11.2018					

BUDSJETTSKJEMA 1B - drift

Ansvar:	Einingsnamn:	Budsjett 2019	Budsjett 2018 Opphavleg	Budsjett 2018 Justert	Rekneskap 2017
	Til fordeling drift (frå budsjettskjema 1A) Fordelt slik:	(280 433 381)	(266 190 990)	(267 144 216)	(261 734 383)
1010,1011	Politisk leining og Rådmannskontoret	6 054 638	5 403 000	5 463 470	13 983 083
1020, 1021, 1023,	Staben	14 879 647	13 330 492	13 449 450	11 719 993
1022	FAG	14 958 032	16 523 895	16 564 042	16 452 681
1040	Pott lønnsoppgjer	3 525 330	3 525 330	2	-
2010	Ringstad Skule	26 940 862	24 202 708	24 606 749	23 471 341
2020	Sunnlylven Skule	9 864 880	9 520 090	9 670 596	9 058 602
2030	Geiranger Skule og Barnehage	6 104 119	6 233 109	6 328 440	6 332 824
2040	Liabygda Skule og Barnehage	4 114 172	3 262 928	4 276 301	4 211 102
2050	Helstad Barnehage	4 048 173	3 703 522	3 767 837	3 074 050
2060	Stranda Ungdomsskule og Vaksenopplæring	18 560 287	17 486 573	17 776 873	16 817 966
2110	Ringstad Barnehage	7 979 579	7 572 929	7 708 359	7 074 394
2120	Sunnlylven Barnehage	3 535 726	3 236 904	3 291 852	2 607 669
2200	PP-kontoret	1 953 358	1 877 507	1 910 156	1 671 140
3010-3014	Stranda Distrikt	58 844 637	57 497 421	58 321 907	51 047 699
3020	Sunnlylven Distrikt	14 719 098	14 291 551	14 507 479	12 705 069
3030	Geiranger Distrikt	5 001 548	4 882 356	4 947 929	4 365 158
3040-3043	Habilitering/Rehabilitering	17 781 748	16 226 038	16 510 091	14 457 895
3050	Helsetenesta	14 700 985	14 053 584	14 271 730	12 630 571
3060-3065	Sosialtenesta	12 092 091	9 540 374	9 644 814	5 549 110
3070	NAV	1 935 762	1 284 097	1 293 506	1 174 771
4010-4014	Kultur og Fritid	4 381 532	4 302 946	4 363 294	4 333 407
5010	Plan, Miljø, Næring	5 747 999	5 754 678	5 826 594	2 807 449
6010	Kommunalteknikk/Brannvern	12 971 094	14 084 051	14 209 635	12 524 913
7010	Vaktmesterteneste	4 362 351	3 463 191	3 501 394	3 263 272
7030	Hus til utleige	(50 000)	-	-	19 616
	SUM	275 007 648	261 259 274	262 212 500	241 353 776
	Sum korrigeringar	5 425 733	4 931 716	4 931 716	4 751 662
	Sum i alt	280 433 381	266 190 990	267 144 216	246 105 438
FOR sitt framlegg til KOM 26.11.2018					

BUDSJETTSKJEMA 2A - investeringar

Nr:	Post:	Budsjett 2019	Budsjett 2018 Opphavleg	Budsjett 2018 Justert	Rekneskap 2017
1	Investeringar i anleggsmidlar	77 530 000	48 667 993	49 355 568	35 236 811
2	Utlån og forskoteringar (35202)	1 000 000	1 000 000	1 000 000	-
3	Kjøp av aksjar og lutar (35290)	1 200 000	1 100 000	1 100 000	1 560 672
4	Avdrag på lån (35100)	1 700 000	1 700 000	1 700 000	1 896 627
5	Dekning av udekka frå tidlegare år	-	-	-	-
6	Avsetningar (35500)	-	-	-	-
7	Årets finansieringsbehov	81 430 000	52 467 993	53 155 568	38 694 110
8	Finansiert slik:				
9	Bruk av lånemidlar	65 199 000	44 449 394	45 108 454	21 167 267
10	Inntekter frå sal av anleggsmidlar	-	-	-	1 915 936
11	Tilskott til investeringar	-	-	-	500 000
12	Kompensasjon for merverdiavgift	13 031 000	7 318 599	7 347 114	3 445 352
13	Mottatte avdrag på utlån og refusjonar	700 000	700 000	700 000	11 540 721
14	Andre inntekter	2 500 000	-	-	124 835
15	Sum ekstern finansiering	81 430 000	52 467 993	53 155 568	38 694 110
16	Overført frå driftsbudsjettet	-	-	-	-
17	Bruk av udisponert frå tidlegare år	-	-	-	-
18	Bruk av avsetningar	-	-	-	-
19	Sum finansiering	81 430 000	52 467 993	53 155 568	38 694 110
20	Udekka(-)/udisponert(+)	-	-	-	-

FOR sitt framlegg til KOM 26.11.2018

BUDSJETTSKJEMA 2B - investeringar

Prosjekt:	Post:	Budsjett 2019	Budsjett 2018 Opphavleg	Budsjett 2018 Justert	Rekneskap 2017
	Til investeringar i anleggsmidler (frå skjema 2A)				
	Fordelt slik:				
1200	Utstyr data	500 000	250 000	250 000	391 996
1208	Breiband	-	625 000	625 000	-
2001	Datautstyr skulane	600 000	930 493	930 493	472 954
xxxx	Avlastning/Special-SFO - ambulansestasjonen	4 000 000	-	-	-
xxxx	Ringstad Skule - fjernvarmeanlegg	625 000	-	-	-
2010	Ringstad Skule - symjebasseng	-	-	680 000	-
2014	Ringstad Skule - brannsikring	1 000 000	250 000	250 000	12 599
2015	Ringstad Skule - enøk	-	450 000	450 000	396 041
2023	Sunnlyven Skule - rehabilitering	16 500 000	300 000	600 000	-
xxxx	Pleie og omsorg - prosjektmidlar dimensjonering	1 500 000	-	-	-
xxxx	Heisar	1 500 000	-	-	-
3018	Geiranger omsorgssenter - brannsikring	-	-	-	5 767 858
3019	Stranda Distrikt - rehabilitering Solbakken	-	2 000 000	1 700 000	345 341
3022	Stranda Distrikt - tryggleiksalarmar	-	-	-	501 818
3023	Stranda Distrikt - signalanlegg	-	1 250 000	2 362 575	64 896
3024	Stranda Distrikt - senger	-	-	-	280 935
3025	Beredskap/agregat	-	950 000	950 000	1 125 399
3026	Stranda Distrikt - SD-anlegg	-	500 000	500 000	-
xxxx	Storfjord Kulturhus - scenerigg	250 000	-	-	-
xxxx	Storfjord Kulturhus - måling	1 000 000	-	-	-
xxxx	Kommunale formålsbygg - måling	1 000 000	-	-	-
4012	Strandahallen SD-anlegg/ventilasjon	3 150 000	2 200 000	2 200 000	-
4100	Investering Kyrkjeleg Fellesråd	380 000	375 000	375 000	300 000
xxxx	Friluftstrasè Strandafjellet	1 250 000	-	-	-
xxxx	Nasjonale turiststiar - Geiranger	250 000	-	-	-
5205	Toalett - Geiranger	-	937 500	937 500	-
5310	Fossevandring Geiranger	-	400 000	400 000	106 250
5311	Lyssetting Hellesyltfossen	-	200 000	200 000	-
xxxx	Geovekst flyfoto	225 000	-	-	-
xxxx	Brannstasjon Geiranger	2 000 000	-	-	-
xxxx	Pumpestasjon Helsenvika VAR	2 250 000	-	-	-
6020	Grunnkjøp	-	-	-	233 227
6021	Grunnkjøp Hevsdalen	-	-	-	1 275
6042	Varebil	-	-	-	141 900
6045	Grasklippar	-	-	-	150 000
6046	Ugrasfjerner	-	-	-	156 250
6088	Avløp Sve-Berge (VAR)	-	-	-	16 488 581
6093	Pumpestasjon Helsenvika (VAR)	-	200 000	200 000	-
6127	Gangveg Svemorka	-	400 000	-	638
6128	Utbetring bru over Storelva	-	500 000	500 000	82 207
6129	Grøft - asfaltering Hellesylt	-	-	-	132 627
6130	Asfaltering	1 375 000	1 875 000	1 875 000	1 922 903
6134	Trafikktrygging - Busslomme Storgata 30	-	300 000	300 000	-
6141	Utstyr brannvern	-	250 000	250 000	219 214
6150	Elveforebygging sentrum	-	-	-	17 700
6151	Elveforebygging Svemorka	4 000 000	-	-	2 563 276
xxxx	Fonnvern Hellesylt - innløysing grunn	500 000	-	-	-
6152	Gangveg Ødegård	1 000 000	1 125 000	1 125 000	5 455
6153	Brannbil - Stranda	-	4 500 000	4 500 000	-
6176	Strandvegen Etemittsanering VAR	7 125 000	-	-	-
6177	Hevsdalen Høgdebasseng (VAR)	-	500 000	700 000	-
6178	Vassleidning Franhus - etemittsanering(VAR)	-	3 000 000	9 500 000	144 259
6179	Vatn/avløp Ødegård - industri (VAR)	1 000 000	5 000 000	720 000	129 938
6199	Dam Buvatn/Svartevatn	-	-	-	60 000
6200	Byggefelt Liabygda - veg	3 000 000	6 000 000	6 000 000	-
xxxx	Byggefelt Hellesylt - veg	2 000 000	-	-	-
6206	Kopane	3 000 000	3 000 000	3 000 000	-
xxxx	Byggefelt Stranda - prosjektering	1 000 000	-	-	-
6232	Kryss FV60-Fursetreset	15 550 000	9 550 000	6 425 000	476 137
6233	Kryss FV60-Langøyli	-	850 000	850 000	-
6700	Gatyls	-	-	-	2 545 140
	SUM	77 530 000	48 667 993	49 355 568	35 236 812
	FOR sitt framlegg til KOM 26.11.2018				

11. ØKONOMIPLANSKJEMA 2019-2022

ØKONOMIPLANSKJEMA 1A - drift					
Nr:	Post:	Budsjett 2019	Økonomiplan 2020	Økonomiplan 2021	Økonomiplan 2022
1	Skatt på inntekt og formue	(122 444 000)	(126 117 320)	(129 900 840)	(133 797 865)
2	Ordinært rammetilskott	(153 063 000)	(160 479 890)	(169 119 287)	(179 017 865)
3	Skatt på eigedom	(15 686 525)	(16 036 525)	(16 386 525)	(16 736 525)
4	Andre direkte eller indirekte skattar	(299 208)	(299 208)	(299 208)	(299 208)
5	Andre generelle statstilskott	(9 212 713)	(7 712 713)	(6 212 713)	(4 712 713)
6	Sum frie disponible inntekter	(300 705 446)	(310 645 656)	(321 918 572)	(334 564 176)
7	Renteinntekter og utbytte	(5 447 028)	(5 000 000)	(4 500 000)	(4 500 000)
8	Gevinst på finansielle instrument (omløpsmidlar)	-	-	-	-
9	Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	12 231 638	12 731 638	13 231 638	13 731 638
10	Tap på finansielle instrument (omløpsmidlar)	-	-	-	-
11	Avdrag på lån	26 000 000	26 000 000	26 000 000	26 000 000
12	Netto finansinntekter/ -utgifter	32 784 610	33 731 638	34 731 638	35 231 638
13	Til dekning rekneskapsmessig meirforbruk tidl. år	-	-	-	-
14	Til ubundne avsetningar	-	-	-	1 842 958
15	Til bundne avsetningar	2 264 271	2 000 000	2 000 000	2 000 000
16	Bruk av rekneskapsmessig mindreforbruk tidl. år	(4 825 000)	(3 751 599)	(3 304 544)	-
17	Bruk av ubundne avsetningar	-	-	-	-
18	Bruk av bundne avsetningar	(9 951 816)	(7 000 000)	(4 000 000)	(4 000 000)
19	Netto avsetningar	(12 512 545)	(8 751 599)	(5 304 544)	(157 042)
20	Overført til investeringsbudsjettet	-	-	-	-
21	Til fordeling drift	(280 433 381)	(285 665 617)	(292 491 478)	(299 489 580)
22	Sum fordelt til drift (Budsjettskjema 1B)	280 433 381	285 665 617	292 491 479	299 489 580
23	Meirforbruk (+) / Mindreforbruk (-)	0	0	0	-0
FOR sitt framlegg til KOM 26.11.2018					

ØKONOMIPLANSKJEMA 1B - drift

Ansvar:	Eiingsnamn:	Budsjett 2019	Økonomiplan 2020	Økonomiplan 2021	Økonomiplan 2022
	Til fordeling drift (frå budsjettskjema 1A) Fordelt slik:	(280 433 381)	(285 665 617)	(292 491 478)	(299 489 580)
1010,1011	Politisk leiing og Rådmannskontoret	6 054 638	6 193 895	6 336 354	6 482 090
1020, 1021, 1023, 1030	Staben	14 879 647	15 221 879	15 571 982	15 930 138
1022	FAG	14 958 032	15 302 067	15 654 014	16 014 057
1040	Pott lønnsoppgjjer	3 525 330	3 525 330	3 525 330	3 525 330
2010	Ringstad Skule	26 940 862	27 829 910	28 748 297	29 696 991
2020	Sunnylven Skule	9 864 880	10 091 772	10 323 883	10 561 332
2030	Geiranger Skule og Bamehage	6 104 119	6 244 514	6 388 138	6 535 065
2040	Liabygda Skule og Bamehage	4 114 172	4 208 798	4 305 600	4 404 629
2050	Helstad Bamehage	4 048 173	4 141 281	4 236 530	4 333 971
2060	Stranda Ungdomsskule og Vaksenopplæring	18 560 287	18 987 174	19 423 879	19 870 628
2110	Ringstad Bamehage	7 979 579	8 163 109	8 350 861	8 542 931
2120	Sunnylven Bamehage	3 535 726	3 617 048	3 700 240	3 785 345
2200	PP-kontoret	1 953 358	1 998 285	2 044 246	2 091 263
3010-3014	Stranda Distrikt	58 844 637	60 198 064	61 582 619	62 999 019
3020	Sunnylven Distrikt	14 719 098	15 057 637	15 403 963	15 758 254
3030	Geiranger Distrikt	5 001 548	5 116 584	5 234 265	5 354 653
3040-3043	Habilitering/Rehabilitering	17 781 748	18 368 546	18 974 708	19 600 873
3050	Helsetenesta	14 700 985	15 039 108	15 385 007	15 738 862
3060-3065	Sosialtenesta	12 092 091	12 370 209	12 654 724	12 945 783
3070	NAV	1 935 762	1 980 285	2 025 831	2 072 425
4010-4014	Kultur og Fritid	4 381 532	4 482 307	4 585 400	4 690 865
5010	Plan, Miljø, Næring	5 747 999	4 345 703	4 445 654	4 547 904
6010	Kommunalteknikk/Brannvern	12 971 094	13 269 429	13 574 626	13 886 842
7010	Vaktmesterteneste	4 362 351	4 462 685	4 565 327	4 670 329
7030	Hus til utleige	(50 000)	(50 000)	(50 000)	(50 000)
	SUM	275 007 648	280 165 617	286 991 479	293 989 580
	Sum korrigeringar	5 425 733	5 500 000	5 500 000	5 500 000
	Sum i alt	280 433 381	285 665 617	292 491 479	299 489 580
FOR sitt framlegg til KOM 26.11.2018					

ØKONOMIPLANSKJEMA 2A - investeringar

Nr:	Post:	Budsjett 2019	Økonomiplan 2020	Økonomiplan 2021	Økonomiplan 2022
1	Investeringar i anleggsmidlar	77 530 000	85 700 000	49 600 000	41 100 000
2	Utlån og forskoteringar (35202)	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
3	Kjøp av aksjar og lutar (35290)	1 200 000	1 300 000	1 400 000	1 500 000
4	Avdrag på lån (35100)	1 700 000	1 700 000	1 700 000	1 700 000
5	Dekning av udekkede frå tidlegare år	-	-	-	-
6	Avsetningar (35500)	-	-	-	-
7	Årets finansieringsbehov	81 430 000	89 700 000	53 700 000	45 300 000
8	Finansiert slik:				
9	Bruk av lånemidlar	64 899 000	71 160 000	22 180 000	13 880 000
10	Inntekter frå sal av anleggsmidlar	-	-	-	-
11	Tilskott til investeringar	-	-	20 000 000	20 000 000
12	Kompensasjon for merverdiavgift	13 331 000	15 340 000	8 320 000	8 220 000
13	Mottatte avdrag på utlån og refusjonar	700 000	700 000	700 000	700 000
14	Andre inntekter	2 500 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000
15	Sum ekstern finansiering	81 430 000	89 700 000	53 700 000	45 300 000
16	Overført frå driftsbudsjettet	-	-	-	-
17	Bruk av udisponert frå tidlegare år	-	-	-	-
18	Bruk av avsetningar	-	-	-	-
19	Sum finansiering	81 430 000	89 700 000	53 700 000	45 300 000
20	Udekkede(-)/udisponert(+)	-	-	-	-
FOR sitt framlegg til KOM 26.11.2018					

ØKONOMIPLANSKJEMA 2B - investeringar

Prosjekt:	Post:	Budsjett 2019	Økonomiplan 2020	Økonomiplan 2021	Økonomiplan 2022
	Til investeringer i anleggsmidler (frå skjema 2A)				
	Fordelt slik:				
1200	Utstyr data	500 000	500 000	500 000	500 000
2001	Datautstyr skulane	600 000	600 000	600 000	600 000
xxxx	Avlastning/Spesial-SFO - ambulansestasjonen	4 000 000	-	-	-
xxxx	Ringstad Skule - fjernvarmeanlegg	625 000	-	-	-
2014	Ringstad Skule - brannsikring	1 000 000	-	-	-
2023	Sunnylven Skule - rehabilitering	16 500 000	63 500 000	-	-
xxxx	Pleie og omsorg - prosjektmidar dimensjonering	1 500 000	1 500 000	40 000 000	40 000 000
xxxx	Heisar	1 500 000	-	-	-
xxxx	Storfjord Kulturhus - scenerigg	250 000	-	-	-
xxxx	Storfjord Kulturhus - måling	1 000 000	-	-	-
xxxx	Kommunale formålsbygg - måling	1 000 000	500 000	500 000	-
4012	Strandahallen SD-anlegg/ventilasjon	3 150 000	-	-	-
4100	Investering Kyrkjeleg Fellestråd	380 000	-	-	-
xxxx	Friluftstrasè Strandafjellet	1 250 000	-	-	-
xxxx	Nasjonale turiststiar - Geiranger	250 000	-	-	-
xxxx	Geovekst flyfoto	225 000	225 000	-	-
xxxx	Brannstasjon Geiranger	2 000 000	-	-	-
xxxx	Pumpestasjon Helsemrika VAR	2 250 000	-	-	-
xxxx	Renseanlegg avløp Hellesylt VAR	-	1 000 000	8 000 000	-
6130	Asfaltering	1 375 000	-	-	-
xxxx	Busstopp Sollia	-	500 000	-	-
6151	Elveforebygging Svemorka	4 000 000	-	-	-
xxxx	Fonnvem Hellesylt - innløyising grunn	500 000	-	-	-
6152	Gangveg Ødegård	1 000 000	5 125 000	-	-
xxxx	Bru gangveg ved Rjånes	-	4 000 000	-	-
6176	Strandvegen Etermittanering VAR	7 125 000	-	-	-
6179	Vatn/avløp Ødegård - industri (VAR)	1 000 000	8 000 000	-	-
6200	Byggefelt Liabygda - veg	3 000 000	-	-	-
xxxx	Byggefelt Hellesylt - veg	2 000 000	-	-	-
6206	Kopane	3 000 000	-	-	-
xxxx	Byggefelt Stranda - prosjektering	1 000 000	-	-	-
6232	Kryss FV60-Fursetreset	15 550 000	-	-	-
6700	Catels	-	250 000	-	-
	SUM	77 530 000	85 700 000	49 600 000	41 100 000
FOR sitt framlegg til KOM 26.11.2018					

12 GJENNOMGANG AV EININGANE

RÅDMANNSKONTORET

Kort skildring av verksemda:

Rådmannen har det overordna administrative ansvaret og skal syte for å fylgje opp og iverksetje vedtak gjort i folkevalde organ. Rådmannen er bindeleddet mellom kommunen si politiske leiing og kommunen sine tilsette. Kommunalsjefane opptrer med rådmannen sitt mynde i dei politiske utval dei vert tildelt ansvaret for, og i den del av organisasjonen dei vert tildelt leiaransvar for. I fellesskap skal vi bidra til å skape god dialog og god samhandling mellom det politiske og administrative nivået.

Rådmannsteamet omfattar rådmann og tre kommunalsjefar (helse og omsorg, oppvekst og plan og næring). Saman har vi det strategiske og overordna heilskapelege ansvaret for økonomi og personalforvaltning. Vi skal saman utøve overordna leiing, koordinering, gjennomføring og oppfølging av kommunen si drift, forvaltning, plan og utvikling. Rådmannen si leiargrupper er utvida med økonomisjef og personalsjef. Leiargruppa skal syte for strategisk, heilskapeleg og langsiktig utvikling. Saman skal ein syte for best mogeleg grunnlag for rådmannen sine beslutningar, samt bidra til å legge føringar mot politikarane og rapportering til det politiske nivå.

Under rådmannen ligg også økonomi, lønn og personal, samt IKT-avdeling. Fellessekretariat og servicekontor med ansvar for saker som skal leggjast fram for folkevalde organ.

Bemanning:

Rådmann og 3 kommunalsjefar

	2016	2017	2018	2019B
Antall tilsette	4	4	4	4
Antall årsverk	4	4	4	4

Ressursinnsats:

	Budsjett 2017(J)	Rekneskap 2017	Budsjett 2018(J)	Budsjett 2019	Endring %
0 Lønn	-1 270 336	4 009 147	-4 106 718	-4 585 400	-11,7 %
1-4 Drift	9 783 652	10 029 267	9 595 475	10 836 700	12,9 %
5 Finans	-	-	-	-	n.a.
Sum drift	8 513 316	14 038 414	5 488 757	6 251 300	13,9 %
6 Salsinntekter	-2 991 500	-2 436 285	-2 991 500	-2 813 500	-6,0 %
7-9 Overføringar	-812 000	-883 154	-600 000	-1 148 208	n.a.
Inntekter	-3 803 500	-3 319 439	-3 591 500	-3 961 708	10,3 %
Netto utgifter	4 709 816	10 718 975	1 897 257	2 289 592	20,7 %

Mva er trukket ut av summene for artsgruppene 1-4 og 7-9 for å gjere tala meir samanliknbare.

Formålet for rådmannen si leiargruppe:

Leiargruppa skal syte for strategisk, heilskapleg og langsiktig utvikling av Stranda kommune til beste for innbyggjarane.

Leiargruppa skal gi råd til, rettleiing for og gjennomføre politikarane sine vedtak.

Leiargruppa skal framstå som gode rollemodellar og syte for tryggleik, samhandling og tilbakemelding gjennom heile organisasjonen.

Rådmannen si leiargruppe saman med stab og støttefunksjonar skal arbeide for at Stranda kommune skal framstå som ein innovativ og lærande organisasjon med klar og tydleg retning. Vi arbeider for å tydeleggjere felles mål og strategiar som skal sikre heilskapeleg styring og leiing.

Mål for verksemda:

Stranda kommune skal vere ein organisasjon som er best mogleg tilpassa dei oppgåver og utfordringar som ein vil stå overfor i framtida.

Viktigaste måla er:

- Vidareutvikle kvaliteten på tenestene, samt yte gode og effektive tenester til kommunen sine innbyggjarar
- Betre utnytting av ressursar både økonomisk og kompetansemessig
- God og tydleg leiarskap på alle nivå
- Sikre integrasjon og flyt i organisasjonen kopla opp mot effektiv bruk av IKT systemer

Tiltak for å nå måla:

- Gjennomgang av aktivitetsnivå og tildelingspraksis på fleire tenesteområder
- Gjennomføre bruker- og medarbeiderundersøkingar
- Involvere og ansvarleggjere leiarar på alle nivå
- Tett oppfølging i gjennomføring av politiske vedtak og vedteken planstrategi
- Ta i bruk elektronisk verktøy og bli digitaliserte, som gjev innbyggjarane høve til å vere i kontakt med kommunen

Utfordringar:

- Busetjing og integrering av flyktingar
- Rekruttering og kompetanseheving
- God økonomistyring for å kunne imøtekome framtidens tenestebehov og krav
- Etablere god dialog med det private næringslivet for å kunne imøtekome og tilrettelegge god infrastruktur
- Tydlege prioriteringar der tiltak er realistiske og kan gjennomførast i dei tenesteproduiserande einingane.

ØKONOMIAVDELINGA

Kort skildring av verksemda:

Økonomiavdelinga har det overordna ansvaret for føring av rekneskap og fakturering i Stranda kommune. Avdelinga har også det koordinerande ansvaret for utarbeiding av kommunen sitt budsjett og avslutning av årsrekneskapen. Økonomisjefen utarbeidar månadlege økonomirapportar for einingane i Stranda kommune. Kontakt opp mot innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre er lagt til økonomiavdelinga. Avdelinga er leia av økonomisjefen som også er skatteoppkrevjar i Stranda kommune.

Økonomiavdelinga fører og avsluttar rekneskapen, samt bidreg ved utarbeidinga av budsjetta, for det kommunale føretaket Stranda Hamnevesen KF og det interkommunale selskapet Åknes/Tafjord Beredskap IKS.

I 2018 har økonomisjefen utarbeida eigarskapsmelding for Stranda kommune. Nytt finans- og gjeldsreglement for Stranda kommune vart utarbeida av økonomisjefen og vedteke av kommunestyret i 2018.

Bemanning:

	2016	2017	2018	2018B
Antall tilsette	5	5	4	4
Antall årsverk	4,5	4,1	3,6	3,6

Ressursinnsats:

		Budsjett 2017(J)	Rekneskap 2017	Budsjett 2018(J)	Budsjett 2019	Endring %
0	Lønn	2 775 791	1 665 718	2 089 266	1 521 669	-27,2 %
1-4	Drift	650 234	728 108	767 434	900 734	17,4 %
5	Finans	5 000	42 857	5 000	5 000	0,0 %
	Sum drift	3 431 025	2 436 683	2 861 700	2 427 403	-15,2 %
6	Salsinntekter	-50 000	-50 949	-38 000	-43 000	13,2 %
7-9	Overføringer	-1 277 736	-108 012	-251 863	-262 863	4,4 %
	Inntekter	-1 327 736	-158 961	-289 863	-305 863	5,5 %
	Netto utgifter	2 103 289	2 277 722	2 571 837	2 121 540	-17,5 %

Mva er trukket ut av summane for artsgruppene 1-4 og 7-9 for å gjere tala meir samanliknbare.

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Daglig drift fungerer OK, men er prega av at avdelinga er underbemanna. Det gjer at ein manglar tid/ressursar til å følgje opp spesielt anskaffingar og naudsynt internkontroll. Ny konsulent på skatt vart tilsett i oktober 2017 og har fungert som eit svært godt tilskot til eininga. Økonomiavdelinga samarbeider delvis med personalavdelinga når det gjeld områda skatt og lønnskøyring. Det vert avhelde felles personalmøter for stabsfunksjonane økonomi og personal.

Mål for verksemda:

1. Implementere det tenestebaserte faktureringsystemet PROFIL for å effektivisere utfakturering innanfor pleie og omsorg.
2. 90% av inngående faktura over på ehf-format.
3. Implementering av elektroniske køyredagbøker for kommunen sine bilar.

Tiltak for å nå måla:

1. Samarbeid med einingane innanfor pleie og omsorg for å kunne implementere PROFIL vil fjerne manuell utfakturering på økonomiavdelinga.
2. Økonomiavdelinga la i 2016 til rette for mottak av elektroniske faktura (EHF). Frå starten av 2017 har ein innført fakturaprint ved utsending av faktura på kommunale gebyr i papirform. Ein vil jobbe systematisk for å få mest mogleg av faktura inn/ut over på elektronisk form og set som mål at minst 90% av inngående fakturaer skal vere på digitalt format innnan utgangen av 2019.
3. Betre kontroll med bruken av kommunen sine bilar vert etterspurt av kommunerevisjonen. Økonomiavdelinga tek sikte på å ta i bruk eit system for elektronisk føring av køyredagbøker.

Utfordringar:

Låg bemanning gjer at ein manglar ressursar, spesielt til internkontroll. Drifta av eininga er avhengig av at spesielt økonomisjefen i periodar er villig til å jobbe svært mykje overtid. Låg bemanning gjer også at ein manglar overlappende kompetanse. Eininga er difor sårbar om det skulle oppstå sjukefråvær over lengre tid.

PERSONALAVDELINGA

Kort skildring av verksemda:

Personal- og løns avdelinga er ein del av rådmannen sin stab og har det overordna ansvaret for kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk. Avdelinga opptrer på vegne av rådmannen i oppgåver knytt til personal, kompetanseutvikling, rekruttering, lønspolitikk, HMS og har eit nært samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane. Avdelinga skal bidra til at organisasjonen tek best moglege beslutningar både på organisasjons- og individnivå.

Personal og lønsavdelinga utfører ei rekkje oppgåver knytt til den enkelte medarbeidar sitt arbeidsforhold som løn, sjukefråvær, ferie, permisjonar mm. Avdelinga skal vidare bistå toppleiinga i strategisk organisasjonsarbeid, samt støtte einingsleiarar og avdelingsleiarar i personalleiing som til dømes oppfølging av fysisk og psykososialt arbeidsmiljø og gjennomføring av endringsprosessar. Avdelinga er dagleg kontaktpunkt for hovudtillitsvalte og hovudverneombod og har ansvar for faste HTV- møte (hovudtillitsvalte, hovudverneombod og leiing). I tillegg saksbehandlar avdelinga saker til tilsettingsutval, løns og forhandlingsutval, arbeidsmiljøutval og det politiske forhandlingsutvalet.

Nytt i budsjett 2019: Det er på ansvar 1021 lagt inn ei stilling som HMS rådgjevar i kombinasjon med stilling som folkehelsekoordinator (50/50). Lønsmildar til 50% av stillinga er flytta frå økonomiavdelinga. Når det gjeld den andre 50% (folkehelse) får vi tilskot til å dekke inn cirka 25%. Storleiken på nye lønsmildar for å dekke stillinga er om lag 25% av ei 100% stilling (ca. 150.000,-). Denne stillinga skal i tillegg til folkehelsearbeid ha følgjande ansvarsområdet: Oppfølging og koordinering av oppdrag i regi av Stamina helse, oppbygging og vedlikehald av kommunen sitt kvalitetssystem, støtte og rådgjeving i HMS arbeidet (herunder oppfølging og støtte til HMS- gruppene ute i einingane og rådmannen sitt kvalitetsutval). Bistå i det praktiske arbeidet rundt medarbeidar- og brukarundersøkingar.

Bemanning:

	2016	2017	2018	2019B
Antall tilsette	2	2	2	3
Antall årsverk	2	2	2	3

Ressursinnsats:

	Budsjett 2017(J)	Rekneskap 2017	Budsjett 2018(J)	Budsjett 2019	Endring %
0 Lønn	2 071 225	1 513 809	2 159 007	2 765 784	28,1 %
1-4 Drift	542 090	710 044	832 173	840 173	1,0 %
5 Finans	-	123 500	-	-	n.a.
Sum drift	2 613 315	2 347 354	2 991 180	3 605 957	20,6 %
6 Salsinntekter	-	-	-	-	n.a.
7-9 Overføringar	-	-187 200	-	-125 000	n.a.
Inntekter	-	-187 200	-	-125 000	n.a.
Netto utgifter	2 613 315	2 160 154	2 991 180	3 480 957	16,4 %

Mva er trukket ut av summene for artsgruppene 1-4 og 7-9 for å gjere tala meir samanliknbare.

Kommentar til drifta frå leiar:

Avdelinga er sårbar med tanke på frávær og det vert stilt krav om fleksibilitet og vilje til å arbeide på tvers av fagområda lønn/ pensjon og personal. I løpet av 2018 har vi etablert tettare samarbeid med økonomiavdelinga. Samarbeidet er hovudsakleg knytt til lønsarbeid og arbeid på skatt. Personal og økonomiavdeling har felles avdelingsmøte.

Mål for verksemda:

Vere gode og oppdaterte medarbeidarspesialistar: Rådgjeving i lønsspørsmål, IA- arbeid, rekrutteringsprosessar, lønsforhandlingar og personalsaker. Overhalde akseptable tidsfristar i tilsettingssaker.

Tiltak for å nå måla:

- Halde seg fagleg oppdatert på regelverk og sjå til at ein utøver ein mest mogleg lik praksis innanfor personalarbeidet i dei ulike einingane.
- Gjennomføre gode og grundige prioriteringar innanfor det som hastar mest.
- Sørge for ei stadig utvikling og effektivisering av system og rutinar.

Utfordringar:

Avdelinga har for lite ressursar til å ta i vare (på ein god og grundig måte) arbeid knytt til koordinering av bedriftshelsetenesta, koordinering og oppfølging av HMS arbeid og arbeid knytt til kvalitetssystemet samt det praktiske arbeidet rundt medarbeidar og brukarundersøkingar. Det er ein sterkt behov for å styrke dette arbeidsområdet jf. kommentar ovanfor.

IKT

Kort skildring av verksemda:

Avdelinga støtter opp om IKT-bruken i alle tenesteeiningar. Det blir gitt støtte til i overkant av 880 brukarar der rundt 600 brukarar er innanfor oppvekst (lærarar og elevar). Totalt er det om lag 700 datamaskiner/ chromebooks og knapt 70 virtuelle serverar i daglig drift som avdelinga har ansvaret for. I tillegg kjem ei rekkje nettbrett, mobiltelefonar (smarttelefonar) og multimaskiner (skrivar/kopi/skann/fax). Vidare har Stranda kommune fleire applikasjonar som avdelinga driftar heilt eller delvis. Enkelte fagsystem innanfor helse og omsorg blir drifta av PC Support AS. IKT-avdelinga har også ansvaret for telefoniløysinga i kommunen som har rundt 220 brukarar.

Bemanning:

	2016	2017	2018	2019B
Antall tilsette	2	2	2	2
Antall årsverk	2	2	2	2

Dei siste åra har avdelinga hatt lærling. Det har vi ikkje frå og med august 2018.

Ressursinnsats:

	Budsjett 2017(J)	Rekneskap 2017	Budsjett 2018(J)	Budsjett 2019	Endring %
0 Lønn	1 795 023	1 735 417	1 556 190	1 322 755	-15,0 %
1-4 Drift	4 362 691	3 119 622	3 697 968	4 480 143	21,2 %
5 Finans	-	4 879	-	-	n.a.
Sum drift	6 157 714	4 859 918	5 254 158	5 802 898	10,4 %
6 Salsinntekter	-	-	-	-	n.a.
7-9 Overføringar	-500 000	-25 823	-	-	n.a.
Inntekter	-500 000	-25 823	-	-	n.a.
Netto utgifter	5 657 714	4 834 095	5 254 158	5 802 898	10,4 %

Mva er trukket ut av summene for artsgruppene 1-4 og 7-9 for å gjere tala meir samanliknbare.

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Den daglege drifta fungerer greitt. Historisk sett har fokuset til avdelinga primært vore på å oppretthalde stabil drift. Vi ser no at avdelinga blir involvert i fleire og fleire prosjekt noko som medfører at det er vanskeleg å sette av så mykje ressursar til drift som ønskeleg.

Mål for verksemda:

1. Det overordna målet vårt er å levere sikre og stabile IT-tjenester for alle einingar i kommuna.
2. Vi vil jobbe vidare med satsinga vår på IKT i skulane.
3. Eit anna viktig mål er å unngå at utstyr med høg alder gir høge driftskostnadar og låg produktivitet.

Tiltak for å nå måla:

1. For å levere stabile tjenester er der nokre viktige element som må vere på plass: Vi må ha ein moderne og sikker IT-infrastruktur, driftsovervaking må vere på plass slik at vi raskt kan oppfatte hendelsar som kan påverke oppetid, vi må ha fokus på sikkerheit og vi må jobbe med å halde oss oppdatert. Dette er moment som vi jobbar med fortløpande.
2. I forhold til skulane har vi fasa inn nærare 180 chromebooks i 2018. Vi planlegg å auke dette talet med om lag 120 i 2019. Parallelt med dette så held vi fram med utbygging av trådløs infrastruktur på skulane.
3. Vi vil ha fokus på å få total oversikt over datautstyr som står ute slik at vi kan få ei kontrollert utskifting av det eldste utstyret. Dette vil vi oppnå med å ha inventarregister over utstyr som kommuna eig. Dette vil igjen medføre at vi vil få ei god oversikt over investeringsbehova for åra som kjem.

Utfordringar:

IKT er ei lita avdeling og vi ser at det er utfordrande å ha kapasitet til å vere med i prosjekt i tillegg til å ta seg av den daglege drifta. Her ønsker vi at det vert sett av ressursar som kan avlaste IKT på eksempelvis digitalisering.

Vi har eit stort og krevjande fagområde å forholde oss til. Låg bemanning gjer at vi manglar overlappande kompetanse. Eininga vil derfor vere sårbar om det skulle oppstå sjukefråvær.

SERVICEKONTORET

Kort skildring av verksemda:

Servicekontoret skal vere eit naturleg kontaktpunkt for innbyggjarane og det politiske miljøet i Stranda kommune og yter tenester innanfor eit breidt fagfelt.

Kontoret har kontinuerleg fokus på utvikling og drive effektiv og servicevennleg kundebehandling gjennom tilgang til nødvendige fagprogram og oppgradering av IT-verktøy. Digitalisering er eit middel for å skape betre tenester for innbyggjarar, tilsette og næringslivet.

Bemanning:

	2016	2017	2018	2019B
Antall tilsette -merkantilt	4	4	4	4
Antall årsverk - merkantilt	3,8	3,8	3,8	3,8
Antall tilsette -reinhaldarar	3	3	2	2
Antal årsverk - reinhaldarar	1,5	1,5	1,5	1,5

Ressursinnsats:

	Budsjett 2017(J)	Rekneskap 2017	Budsjett 2018(J)	Budsjett 2019	Endring %
0 Lønn	3 165 186	2 347 399	2 292 866	2 936 578	28,1 %
1-4 Drift	491 765	354 093	489 409	687 674	40,5 %
5 Finans	-	-	-	-	n.a.
Sum drift	3 656 951	2 701 492	2 782 275	3 624 252	30,3 %
6 Salsinntekter	-60 000	-78 502	-150 000	-150 000	0,0 %
7-9 Overføringar	-714 000	-174 968	-	-	n.a.
Inntekter	-774 000	-253 470	-150 000	-150 000	0,0 %
Netto utgifter	2 882 951	2 448 022	2 632 275	3 474 252	32,0 %

Mva er trukket ut av summane for artsgruppene 1-4 og 7-9 for å gjere tala meir samanliknbare.

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Utnytte dei ressursane vi har både økonomisk og fagleg.

Publikum og brukarar er ein del av arbeidsmiljøet og påvirkar dei tilsette. Ein føresetnad er at medarbeidarane kontinuerleg opprettheld både fagleg og personleg trygghet. Tilsette som trivst og er stolte av arbeidsplassen sin gjer ein god jobb.

Kontaktpunktet mellom innbyggjar og kommune er særskild viktig, både ved fysisk oppmøte og elektronisk samhandling. Dette gjeld også mot det politiske miljøet.

Det er viktig å gi innbyggjarane god service og vere tydeleg i kommunikasjonen. I ein stor

organisasjon er god internkommunikasjon eit viktig verkemiddel for å levere gode resultat. Servicekontoret leverer internoppgåver til heile organisasjonen og god internkommunikasjon legg også godt grunnlag for god ekstern kommunikasjon, dette for å skape openheit og samhandling.

Mål for verksemda:

Kommunestyre- og fylkestingsval 2019

Avlevering av eldre og avslutta i 2019, midlar er sett av i budsjett for 2019, 2020 og 2021

Arbeide kontinuerleg med personvern og informasjonssikkerheit – GDPR

Digitalisering

Revidering av kommunen sin arkivplan (gjeld for heile organisasjonen) Krav i arkivlova.

Tiltak for å nå måla:

Kommuneorganisasjonen må vere i utvikling og tilpasse tenestene i tråd med behova som innbyggjarane har.

Etablere faste møtepunkt for oppdateringar og felles forståing for dei oppsette måla.

Utfordringar:

Nok personellressursar til å nå oppsette mål.

Informasjon som til ei kvar tid skal vere oppdatert, korrekt og godt strukturert på kommunen si heimeside. Dette krev god kommunikasjon/rutinar internt og oppdaterte databaser med tenesteinformasjon.

Å vere generalister med brei kompetanse er krevjande då det stadig er endringar i regeleverk, prosedyrer, skjemavelde osv.

Utfordringar i forhold til flyt i tidsfristar og saksgang frå administrasjonen.

RINGSTAD SKULE

Kort skildring av verksemda:

- 267 elevar fordelt på 14 klassar frå 1.klasse til 7.klasse.
- Nybygg paviljong 1997, rehabilitering storskule 2000, rehabilitering symjebasseng 2002 og nytt småskulebygg 2007.
- Arbeider med brannsikringstiltak.
- Skal halde fram arbeidet i høve sentral driftskontroll for ventilasjon og varme.
- Nokre klasserom treng opp-pussing , måling og fornying.
- Teknisk utstyr tek til å verte slite.
- Vedteke rehabilitering av symjebassenget med ny plastduk.
- Må kjøpe 75 chromebooks for å halde fram med innføring av «Google for education».

- Har innført nytt læreverk i matematikk , og ønskjer å kunne skifte ut læreverket i norsk.
- Skulefritidsordning med 80 born frå 1. klasse til 4.klasse.

Bemanning:

	2016	2017	2018	2019B
Antall tilsette	45	45	47	48
Antall årsverk	37,4	39,6	41,6	43,8

Ressursinnsats:

		Budsjett 2017(J)	Rekneskap 2017	Budsjett 2018(J)	Budsjett 2019	Endring %
0	Lønn	23 895 822	24 420 233	25 643 889	28 107 016	9,6 %
1-4	Drift	1 986 541	2 048 188	1 656 188	1 691 188	2,1 %
5	Finans	-	-	-	-	n.a.
	Sum drift	25 882 363	26 468 422	27 300 077	29 798 204	9,2 %
6	Salsinntekter	-1 236 040	-1 485 937	-1 536 040	-1 665 342	8,4 %
7-9	Overføringar	-908 000	-1 511 143	-1 157 288	-1 192 000	3,0 %
	Inntekter	-2 144 040	-2 997 080	-2 693 328	-2 857 342	6,1 %
	Netto utgifter	23 738 323	23 471 341	24 606 749	26 940 862	9,5 %

Mva er trukket ut av summene for artsgruppene 1-4 og 7-9 for å gjere tala meir samanliknbare.

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Ringstad skule har store utfordringar i høve personalmessige ressursar til barn med særlege behov. Mange har også samspelevanskar / sosial mistilpassing , og dette utløyser behov for ekstra tilsyn (ein til ein). I tillegg kjem fleire tilrådingar frå PPT i høve barn med særlege diagnoser, og som følgje av dette har Ringstad skule for skuleåret 2018 – 2019 , åtte barn med oppfølging ein til ein.

Åttåt dette kjem elevar med tradisjonelle fagspesifikke vanskar som har krav på særleg tilrettelagt undervisning , særleg gjeld dette som følgje av nytt punkt i Opplæringslova frå 1.august 2018, der skulen og kommunen har plikt på seg til å setje i verk snarlege tiltak i høve tidleg innsats , for å imøtekome behov hos elevar som heng etter i lesing, skrivning og rekning.

Mål for verksemda:

- 1) Prestere likt med, eller betre enn landsgjennomsnitt på Nasjonale prøver i norsk , engelsk og matematikk.
- 2) Tidleg innsats i høve arbeid med lesing , skrivning og rekning tidleg også kunne setje i verk ekstra tiltak for born med særlege behov.
- 3) Null toleranse for mobbing. Få bort eventuelle tilfelle av mobbing på Ringstad skule. Resultat skal vise att på Elevundersøkelsen og skulen si eiga «Spørjegransking i høve trivsel».
- 4) Få kontroll med temperatur og inneklima i skulebygget.

Tiltak for å nå måla:

- 1) Arbeide med «Språkløypa» i regi av Lesesenteret.
- 2) Målretta bruk av spesialpedagogisk personale. Gjennom gode rutinar og varierte arbeidsmåtar, skal ein utnytte ressursane på beste måte for å kunne gje tilrettelagt undervisning .
- 3) Involvere lærarar og elevar i arbeidet med å skape trivsel på skulen, og følgje skulen sin handlingsplan mot mobbing , og elles bruke program for sosial trening som Lions sitt «Mitt val» , og oppfølging gjennom elevsamtalar.
- 4) ENØK – tiltak i samsvar med investeringsplan.

Utfordringar:

Legge til rette for born med særlege behov, slik at elevar og tilsette får ein god skulekvardag. Skape eit godt skulemiljø og eit godt læringsmiljø til det beste for fagleg vekst og personleg utvikling hos elevane våre.

Få til eit tilfredsstillande inneklima på klasseromma , slik at ein oppnår godt arbeidsmiljø for elevar og tilsette. Få nok driftsmidlar slik at ein klarer å halde den store bygningsmassen og dei tekniske anlegga godt vedlike.

SUNNYLVEN SKULE

Kort skildring av verksemda:

Sunnylven skule er ein 1-10 skule med 68 elevar dette skuleåret. Skulen har i tillegg SFO-ordning som er open på ettermiddagar fem dagar i veka. For elevar i 1.-4. kl tilbyr vi leksehjelp, og nesten alle nyttar seg av tilbodet.

Elevane er delt i tre hovudsteg, 1.-4. kl, 5.-7. kl og 8.-10 kl. Det meste av undervisninga føregår i samanhaldne klasser. 1. og 2. kl (7), 3. og 4. kl (17), 5. og 6. kl (12), 7. kl (10), 8. og 9. kl (13) og 10. kl (9). Undervisningspersonalet på kvart steg arbeider i team, leia av ein teamleiar. Administrasjonsressursen ved skulen er 96 %.

Sunnylven skule vart teken i bruk hausten 1972. Tilstandsrapporten som vart utarbeidd av Akitre AS for 10 år sidan konkluderte med at skulen var «oppbrukt.» No, ti år seinare, er det eit minimum som har blitt gjort av vedlikehald i bygget.

Av dei tilsette er det tre som utfører reinhaldsarbeid ved skulen i tilsaman 149,8% stilling. Ved Sfo-ordninga er det 38,2 % stilling og til skuleassistent er det 58,1 % stilling.

Bemanning:

	2016	2017	2018	2019B
Antall tilsette	18	18	21	21
Antall årsverk	13,8	13,98	13,94(14,25)*	13,96(14,27)*

*30 % stilling er vikariat for lærar i statleg etterutdanning som ein får refundert.

Ressursinnsats:

		Budsjett 2017(J)	Rekneskap 2017	Budsjett 2018(J)	Budsjett 2019	Endring %
0	Lønn	8 788 827	9 299 565	9 464 751	9 588 218	1,3 %
1-4	Drift	990 343	1 030 719	904 310	957 904	5,9 %
5	Finans	-	-	-	-	n.a.
	Sum drift	9 779 170	10 330 284	10 369 061	10 546 122	1,7 %
6	Salsinntekter	-228 465	-181 060	-78 465	-37 713	-51,9 %
7-9	Overføringar	-250 000	-1 090 622	-620 000	-643 529	3,8 %
	Inntekter	-478 465	-1 271 682	-698 465	-681 242	-2,5 %
	Netto utgifter	9 300 705	9 058 602	9 670 596	9 864 880	2,0 %

Mva er trukket ut av summane for artsgruppene 1-4 og 7-9 for å gjere tala meir samanliknbare.

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Vedlikehald har over tid blitt nedprioritert ved eininga i påvente av rehabilitering av skulebygningen. Dette merkast no. Varme- og ventilasjonsanlegg er ustabil og det er kritisk dersom pc som styrer dette sluttar å fungere. Vanskar med styringssystemet gjer og at utgifter til energi har auka på dei siste åra. Taklekkasjer er framleis eit stort problem i perioder med mykje nedbør eller ved veromslag frå snø til mildver. Vi ser også i år at utgifter til energi er ein god del større enn budsjettet. Dette vert forsøkt retta på med å auke løyvingane til energi for eininga.

Når det gjeld stillingar ser vi at vi har ein reell nedgang i assistentstillingar ved skulen frå hausten av. Dette kjem av mindre elevgrupper i småskulen. Auke i einetimar til elevar vert dekkja med å redusere timar i mindre grupper og ein liten auke i stillingar.

Eleventalet vert noko redusert også dette året, men auka behov for einetimar gjer at ein ikkje klarar å redusere noko særleg på lønsutgiftene utanom på skuleassistent.

Mål for verksemda:

- å vidareføre utviklingsarbeidet «Ungdomstrinn i utvikling», lesing. Revidering av leseplanane ved skulen og involvere/informere føresette om elevane si leseutvikling
- å arbeide med vidare opplæring og innføringa av GAFE, som er skulane i Stranda si nye digitale undervisningsplattform, slik at både elevar og lærarar nyttar dette som verktøy i det daglege arbeidet i skulen.

- å få opplæring og innføre «Mitt val» i løpet av skuleåret 2018-19.

Tiltak for å nå måla:

- Arbeide vidare med temaet lesing for ytterlegare å forbetre kvaliteten på leseopplæringa
- Innføring av GAFE krev både kunnskap om verktøyet og nok verktøy. Tilsette og elevar er ivrige i arbeidet. Målet for året er å lære fleire av funksjonane og moglegheitene som ligg i verktøyet for alle i lærarkollegiet. Ein har kjøpt inn høvlege maskiner til halve elevmassen. Desse fungerer svært bra. Eldre, ombygde maskiner viser seg å vere ustabile i forhold til oppdateringar, og for mykje tid for elevar og lærarar går vekk her. Å få tilgang på gode nok datamaskiner vil langt på veg sikre måloppnåinga
- «Mitt val» skal innførast ved Sunnylvn skule komande budsjettår. Kollegiet skal på felles studiedag for å få opplæring. Lage plan, sete av tid i fellesskap og bruke ressursane som følgjer med.

Utfordringar:

Skulebygget er no den største utfordringa kring drifta av Sunnylvn skule. Gjentakande lekkasjer, temperaturvariasjonar og trekk frå vindaug er ikkje det ein ynskjer at elevane skal oppleve.

Når det gjeld økonomi prøver ein så langt råd å drive nøkternt. Satsinga frå kommunen med innkjøp av nye datamaskiner inneverande år har vore svært positivt. Det er utfordringar i forhold til drift og stabilitet av maskiner som har blitt ombygde.

På personalsida har det til no gått fint å rekruttere nytt personale. Skulen er no på veg inn i eit «generasjonsskifte» der viktige berarar av skulekulturen vår er på veg mot pensjonsalder. Det vert spennande å sjå korleis ein kan erstatte desse.

GEIRANGER SKULE OG BARNEHAGE

Kort skildring av verksemda:

Verksemda består av skule, barnehage og SFO. Skulen er ein kombinert barne-og ungdomsskule. Barnetrinnet er todelt med til saman 17 elevar dette skuleåret. Ungdomstrinnet er udelt med 2 elevar.

Alle elevane i 1-4 klasse har plass i SFO.

Barnehagen har ei avdeling, 18 plassar. Pr i dag er der 8 barn som utgjer 9 plassar.

Skulen og barnehagen har felles uteområde, gymsal og personalavdeling. I tillegg til bygningane inne på området, disponerer eininga også areal til formingsavdeling i bygninga til Geiranger Omsorgssenter.

Bemanning:

	2016	2017	2018	2019
Antall tilsette	16/15	15	15	12
Antall årsverk	11,8/10,8*	10,8/10,3*	10,3/9,6*	9,6

*Forskjell vår/haust grunna nytt skule-barnehageår i august

Ressursinnsats:

	Budsjett 2017(J)	Rekneskap 2017	Budsjett 2018(J)	Budsjett 2019	Endring %
0 Lønn	6 584 390	6 637 984	6 120 509	5 874 857	-4,0 %
1-4 Drift	535 017	580 563	605 749	622 945	2,8 %
5 Finans	-	-	-	-	n.a.
Sum drift	7 119 407	7 218 546	6 726 258	6 497 802	-3,4 %
6 Salsinntekter	-413 800	-444 295	-397 818	-393 683	-1,0 %
7-9 Overføringar	-80 000	-441 427	-	-	n.a.
Inntekter	-493 800	-885 722	-397 818	-393 683	-1,0 %
Netto utgifter	6 625 607	6 332 824	6 328 440	6 104 119	-3,5 %

Mva er trukket ut av summene for artsgruppene 1-4 og 7-9 for å gjere tala meir samanliknbare.

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Talet på barn i barnehagen har gått ned. Vi har redusert med ca 70 % stilling frå august 2018. Samtidig gjekk vår SFO-medarbeidar av med pensjon. Stillinga i SFO på ca 40 % vert då slått saman med barnehagen slik at ein samla får 3 heile stillingar som kan brukast fleksibelt + ein liten vikarressurs. Med dette unngår vi oppsigelse av medarbeidarar i faste stillingar.

For skulen reduserte vi antal stillingar før førre skuleår grunna nedgang i elevtal. Her er det ingen endringar og antal stillingar vil bli vidareført for 2019.

Vi fekk ikkje tilsett lærar med godkjent utdanning dette skuleåret og har difor 1.3 stillingar med lærar utan godkjent utdanning. Vi klarer berre i liten grad å oppfylle dei nye kompetansekrava innanfor faga. Blant anna manglar vi formell kompetanse i norsk og engelsk på ungdomstrinnet.

Vi har lite sjukefråvær og gode tilbakemeldingar på trivsel gjennom medarbeidersamtale . Økonomien er stram. Det er lite som blir brukt utanom lønnsutgiftene, og dei faste utgiftene til energi, kommunale avg, serviceavtalar osv. Vi har fått skifta ut alle elevane sine PC-ar til nye Chrome-books. Dette har hatt positiv effekt.

Mål for verksemda:

1. Eit trygt uteområde tilrettelagt for aktivitet
2. Varierte arbeidsmåtar/større bruk av nærmiljøet i undervisninga:
3. Personale med godkjent utdanning

Tiltak for å nå måla:

1.Uteområdet

- Avklaring vedr bruken av uteområdet utanom skule-barnehage si opningstid
- Vedlikehald og utskifting av leikeapparat
- Ny port og nye skilt

2. Varierte arbeidsmåtar/større bruk av nærmiljøet i undervisninga:

- Læremiddel for å iverksette meir praktisk og variert undervisning.
- Nye arbeidsmåtar knytt til lesing som grunnleggande ferdigheit
- Samarbeid med aktørar i nærmiljøet: Fjordsenteret, bedrifter osv
- Samarbeid med Eidsdal skule vedr verdsarv

3.Personale med godkjent utdanning

- Tidleg utlysing gjennom fleire kanalar
- Tilby hjelp til å finne bustad (sjå pkt om utfordringar)

Utfordringar:

Personale:

Barnetalet/elevtalet vil halde seg lavt dei neste åra. Antal stillingar blir omtrent som 2019, og det vil ikkje vere stor auke i lønnsutgiftene dei neste åra slik det ser ut no.

Rekruttering av kvalifisert personale er ei stor utfordring. Det er vanskeleg å få søkarar til utkantane. Dei som søker har vanskar med å finne ein plass å bu. Her er få utleigeleiligheter som er ledige heile året og mangel på byggeklare tomter. Dette er ei utfordring som er for stor for vår eining åleine. Det er svært viktig at kommunen no tek boligsituasjonen i bygda på alvor, både med tanke på rekruttering av personale og med tanke på nedgangen i barnetalet.

Bygningar og uteområde:

Bygningane og uteområdet vil vere ei stor utfordring i åra som kjem.

Bygningane er frå 1970/1996. Mange år med minimalt vedlikehald merkast godt. Vindu burde vore skifta, i tillegg til at dei fleste rom hadde hatt behov for eit malingsstrøk.

Viser til Tilstandsvurdering og Tiltaksplan 52-66 Geiranger skule. (ARTv/Gitte Langlo)

Mykje av inventaret er gammalt og treng utskifting.

Uteområdet vårt vert brukt av turistar og sesongarbeidarar gjennom heile sommaren. Dette medfører stor slitasje. I tillegg krev det dagleg tilsyn på området for å fjerne søppel, og for å sikre at der ikkje ligg ting som kan vere skadeleg for dei minste borna. Dersom området

fortsatt skal vere tilgjengeleg for turistar vil det vere nødvendig med auka tilsyn, meir vedlikehald og utskifting av leikeapparat.

LIABYGDA SKULE OG BARNEHAGE

Kort skildring av verksemda:

Liabygda skule har skuleåret 2018-2019 8 elevar på 2.-7.trinn, og er todelt med 2.-3. trinn i ei gruppe og 5.-7.trinn i ei gruppe. Tilsette på skulen er lærarar i 234 % stilling og assistent i 74 % stilling (46% assistent i skule og 28% assistent i SFO) Rektor har 100% stilling, delt mellom 40% undervisning og 60% administrasjon. 8% av lærarstilling er innleigd lærar frå Kulturskulen.

Liabygda barnehage er ei avdeling med fem barn. Der er to stillingar i 100%, styrar og assistent. I tillegg er SFO frå skulen der med 28 % stilling fordelt på måndag, onsdag og fredag.

Skulen og barnehagen har reinhaldar i til saman 50 % stilling (30 % + 20 %) og vaktmestertjeneste ca ein gong i veka/ved behov. Vi ser at vaktmester ikkje alltid har kapasitet til å prioritere oppgåver i Liabygda. Eit døme er port/gjerde ved barnehagen der det er sett inn ein eldre port medan den nye skal reparerast, og gjerdet på oversida av barnehagen er dårlig pga brøyting sist vinter. Både ved porten og ved gjerdet er det hol der ungane kan kome ut.

Bemanning:

	2016	2017	2018	2019B
Antall tilsette	7	7	7	8
Antall årsverk	6,2	6,2	6,2	5,44

Ressursinnsats:

		Budsjett 2017(J)	Rekneskap 2017	Budsjett 2018(J)	Budsjett 2019	Endring %
0	Lønn	3 601 526	3 915 794	3 917 651	3 902 646	-0,4 %
1-4	Drift	422 723	560 262	530 404	364 072	-31,4 %
5	Finans	-	-	-	-	n.a.
	Sum drift	4 024 249	4 476 056	4 448 055	4 266 718	-4,1 %
6	Salsinntekter	-164 477	-197 530	-171 754	-152 546	-11,2 %
7-9	Overføringar	-	-67 425	-	-	n.a.
	Inntekter	-164 477	-264 955	-171 754	-152 546	-11,2 %
	Netto utgifter	3 859 772	4 211 102	4 276 301	4 114 172	-3,8 %

Mva er trukket ut av summane for artsgruppene 1-4 og 7-9 for å gjere tala meir samanliknbare.

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Liabygda barnehage: Det er utfordrande å få gjennomført planleggingstid for styrar, noko som er naudsynt for å kunne tilby barn og foreldre eit godt pedagogisk opplegg. Tida med ein ekstra vaksen grunna SFO blir derfor svært viktig.

Liabygda skule: Det er viktig å utnytte tilkjende faglege og økonomiske ressursar for å skape gode oppvekstvilkår for borna i Liabygda. Personalet som er i dagleg kontakt med borna i skulekvardagen er den absolutt viktigaste ressursen vi har. Vi har godt kvalifisert personale med stor røynsle. Det gjer at drifta har hatt god kvalitet.

Vi legg vekt på god kontakt med heimane.

Mål for verksemda:

Liabygda barnehage:

1. Vi skal utføre eit godt pedagogisk arbeid
2. Utbedre og oppgradere barnehagen sitt ute- og inneområde
3. Redusere bruk av sjukevikar

Liabygda skule

1. Arbeide med det sosiale miljøet i elevgruppa
2. Innføre GAFE (GoogleAppsForEducation) for elevar og lærarar. Vere ein aktiv del av «Strandaskulen».
3. Godt og tilstrekkeleg vedlikehald av hus og anlegg.

Tiltak for å nå måla:

Liabygda barnehage:

1. Lage periodeplanar. Skriftleggjere aktivitetar
2. Dele barnegruppa for å imøtekome ulike behov og utviklingstrinn
3. Dugnad
4. Ny sand i sandkasse
5. Samarbeide om vedlikehald med vaktmestertenesta
6. Planleggingstid til både assistent og styrar for å utnytte kvarandre sine ressursar og å få ei meir variert arbeidsveke.
7. Regelmessige personalmøter

Liabygda skule:

1. Aktiv bruk av undervisningsopplegget «Mitt val» og vere tett på elevane heile tida. God kontakt med heimane.
2. Elevane har hausten 2018 fått kvar si Chromebook, og vi har arva ei elektronisk tavle som er teken i bruk. Elevar og lærarar er positive til å ta i bruk verktya.
3. Godt samarbeid med vaktmestertenesta, samt positive foreldre som stiller på dugnad.

Utfordringar:

Liabygda barnehage:

Innvendig og utvendig vedlikehald. Barnehagen opplever at vaktmeister ikkje har nok tid/ressurs for å kunne hjelpe til med naudsynt vedlikehald innvendig og utvendig.

Nok personale ved sjukdom/kurs/møte og for å gjennomføre pålagt planleggingstid.

Liabygda skule:

Barnetalet er framleis den største utfordringa for skulen. I 2019 går ein elev ut og det startar ein elev på 1.trinn, dvs framleis elevtal på 8 elevar dersom det ikkje blir tilflytting til bygda.

Vi oppgraderer oss innanfor IKT, men opplever svært dyre lisensar på ulike program knytt til ulike læreverk. Det er lite av dette som er tilpassa små einingar. Vi ynskjer meir bruk av kommunelisens på programvare som fleire av skulane brukar.

På grunn av vedtak om nedlegging har det vore utført lite vedlikehald ved Liabygda skule. Hausten 2018 har vi lekkasje i taket over kontor og arbeidsrom, noko som har ført til at vi no håpar på nytt tak før vinteren. Her er ulike løysingar for varme i dei ulike romma, og lite tilrettelagt for energisparing. Av tilrettelegging og fornying på uteområdet har vi brukt foreldredugnad og arva leikeapparat, men ynskjer oppgradering av leiker og apparat.

HELSTAD BARNEHAGE

Kort skildring av verksemda:

Helstad barnehage ligg i Strandadalen 2 minutt frå Svemorka industriområde. Barnehagen har 42 plassar fordelt på barn frå 10 mnd - 6 år. Barnegruppa er delt inn i to avdelingar, ei småbarnsavdeling Raudrevane og ei storbarnsavdeling Blårevane. Vi på Helstad legg vår flid i arbeidet som profesjonelle vaksne, med fokus på å gjere Helstad barnehage til ein best mogleg barnehage for barn, foreldre, tilsette og miljøet rundt oss. Vi følgjer dei krav og tenestene som kommunen og Barnehagelova har pålagt oss. Opningstid er 06.45-16.00 måndag-fredag. Vår visjon, *Felleskap og nye opplevingar er vårt fokus!*

Bemanning:

	2016	2017	2018	2019B
Antall tilsette	7	7	8	10
Antall årsverk	5,9	5,9	6,9	7,6

Ressursinnsats:

	Budsjett 2017(J)	Rekneskap 2017	Budsjett 2018(J)	Budsjett 2019	Endring %
0 Lønn	3 482 537	3 874 611	4 198 228	4 824 764	14,9 %
1-4 Drift	229 109	251 822	230 109	278 909	21,2 %
5 Finans	-	36 510	-	-	n.a.
Sum drift	3 711 646	4 162 943	4 428 337	5 103 673	15,3 %
6 Salsinntekter	-550 500	-664 868	-660 500	-755 500	14,4 %
7-9 Overføringar	-	-424 025	-	-300 000	n.a.
Inntekter	-550 500	-1 088 893	-660 500	-1 055 500	59,8 %
Netto utgifter	3 161 146	3 074 050	3 767 837	4 048 173	7,4 %

Mva er trukket ut av summene for artsgruppene 1-4 og 7-9 for å gjere tala meir samanliknbare.

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Vi har gjennomførte medarbeidar undersøkingar i oktober og resultatane var svært positive. Dei tilsette trivest godt og er fornøgde med arbeidsplassen sin. Vi får også svært gode tilbakemeldingar frå foreldre på det tilbudet vi gir dei.

Mål for verksemda:

Få ned sjukefråvær: I 2017 var sjukefråværet høgt, dette skuldast fleire langtidsjukemeldte, men sjukmeldingane var IKKJE arbeidsrelaterte. I år har vi også hatt ein del sjukeldingar fortsatt ikkje arbeidsrelaterte, trass i dette har dei tilsette uttalt at dei trivest og har dei kjekt på jobb.

4 turdagar i månaden : Barnehagen har faste turdagar og er på tur minst ein gong i veka både med dei store og små barna.

Tilby alle som har rett, barnehageplass: I 2017 kunne vi ikkje tilby alle plass som har rett på plass. Dette grunna nytt regelverk som tredde i kraft 1. august 2017. Vi har dei siste åra opplevde ei endring der mange søkjarar ynskjer Helstad barnehage på 1.plass. Dette synest vi er svært gledelig for kommunen og barnehagen vår. I år fekk vi utvida plassane til 42 og alle som søker har fått plass i 2018.

Tiltak:

Fått utvida barnehagen til 42 plassar og tilsett ein pedagog til fast.

Utfordringar:

Få nok midlar til å ta etterslep av ulike vedlikehaldsoppgåver på bygget og området ute. Vere konkurransedyktig opp i mot privat sektor i forhold til vedlikehald og investeringar.

STRANDA UNGDOMSSKULE OG VAKSENOPPLÆRING

Kort skildring av verksemda:

Stranda Ungdomsskule og vaksenopplæring driv grunnskuleopplæring på ungdomstrinnet for 122 elevar. I tillegg har skulen ansvaret for vaksenopplæringa i kommunen.

Vaksenopplæringa har ansvaret for norskopplæring for framandspråklege, inkludert flyktningane i Stranda, grunnskuleopplæring for vaksne og spesialundervisning for vaksne. I tillegg er det 3 personar som mottok spesialundervisning for vaksne.

Bemanning:

	2016	2017	2018	2019B
Antall tilsette	30	30	30	30
Antall årsverk	27,2	27,1	27,1	27,1

Ressursinnsats:

	Budsjett 2017(J)	Rekneskap 2017	Budsjett 2018(J)	Budsjett 2019	Endring %
0 Lønn	17 620 203	18 149 702	18 152 059	19 198 902	5,8 %
1-4 Drift	1 240 796	1 398 931	1 270 466	1 340 037	5,5 %
5 Finans	-	-	-	-	n.a.
Sum drift	18 860 999	19 548 633	19 422 525	20 538 939	5,7 %
6 Salsinntekter	-313 652	-254 408	-313 652	-213 652	-31,9 %
7-9 Overføringar	-1 024 177	-2 476 259	-1 332 000	-1 765 000	32,5 %
Inntekter	-1 337 829	-2 730 667	-1 645 652	-1 978 652	20,2 %
Netto utgifter	17 523 170	16 817 966	17 776 873	18 560 287	4,4 %

Mva er trukket ut av summene for artsgruppene 1-4 og 7-9 for å gjere tala meir samanliknbare.

Det er viktig for skulen å halde på talet vaksne i organisasjonen. Størsteparten av økonomien går til lønn. Om vi får oppretthalde nivået vi har i dag, ser det ut til at skulen vil klare å gi eit godt tilbod til våre elevar.

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Stranda Ungdomsskule er ei veldriven skule. Dei fysiske arbeidstilhøva til alle elevar og tilsette er svært gode. Skulen er nyrenovert, og fungerer godt etter intensjonane. Det vil vere behov for å investere i ein lysrigg i amfiet slik at vi kan nytte det ved kulturoppsetjingar som t.d. den kulturelle skulesekken. Da vil ikkje skulen leggje band på bruken av idrettshallen. Elles aukar behovet for å erstatte ein del teknisk utstyr og for vedlikehald.

Miljøet mellom elevane er godt, med lite trakassering og mobbing. Dei skulefaglege resultata er gode. Inntakspoeng til vidaregåande opplæring ligg mellom dei aller beste i landet. Slik vil vi at det skal vere framover, og skulen har stor tru på at nye læremiddel og stor satsing på å vere i front pedagogisk gjer at det blir slik.

Mål for verksemda:

- Utvikle ein god læringskultur mellom elevane, med gode skulefaglege og sosiale resultat.
 - Skulen har teke i bruk Google Classroom som elektronisk læringsplattform. I eit samarbeid mellom IKT avdelinga i kommunen skal dette innførast på alle skulane i kommunen.
 - Frå 2020 skal det implementerast nye læreplanar for alle fellesfag i norsk skule. Stranda Ungdomsskule har starta arbeidet med å setje seg inn i grunnlaget for desse.
- Gje god tilpassa opplæring til dei som treng det.
- Skulen har prioritert å ha god lærardekning. Det kjem alle elevane til gode. Dei som treng ekstra tilpassing får det i stor grad gjennom tilpassing av den ordinære opplæringa. Det er nokre elevar på kvart trinn som treng spesialundervisning ut over det som er mogleg å få til innanfor ein normal klasseromssituasjon. Her har skulen gode system og kvalifisert personell som gjer skulekvardagen meiningsfull for desse elevane.
- Ha ein sunn, kunnskapsbasert tilnærming til utviklinga rundt læring og pedagogisk tenking.
- Leiinga opplever at det er god støtte frå kommuneliinga, og at samarbeidet med dei andre skulane i kommunen fungerer godt.

RINGSTAD BARNEHAGE

Kort skildring av verksemda:

Ringstad barnehage ligg ved Hevsdalsvegen på Stranda, bak idrettshallen og ungdomsskulen. Den vart bygd i 1988 som tre avdelingsbarnehage. I 2007 vart barnehagen utvida med 1,5 avdeling. Totalt gir dette 78 plassar for barn i alderen 0 – 6 år. Kvar av dei 4 avdelingane har ein pedagogisk leiar (barnehagelærer) samt barne- og ungdomsarbeidar/assistent. Tre av avdelingane har to barnehagelærer. På desse avdelingane er barnehagelærer 2. på dispensasjon frå utdanningskravet.

Opningstida: 06.40 – 16.15. Jfr. vedtektene til Stranda kommune skal det vurderast om det er mogleg, praktisk og økonomisk med ferieopen barnehage i to av vekene i fellesferien. Det blir sendt ut brukarundersøking for å kartlegge behovet.

Bemanning:

	2016	2017	2018	2019B
Antall tilsette	21	20	20	20 / 21
Antall årsverk	14,8	14,8	14,8 /15,15	15,15 /15,65

Bemanning: Avd: 13,30 årsverk 01.01. - 01.08.18, 13,65 årsverk etter 01.08.18 og 15,65 etter 01.08.19, (den nye pedagog. – og bemanningsnorma gir føringar for auke i årsverket innan 01.08.19.) Adm: 1 årsverk. Reinhald: 0,5 årsverk

Ressursinnsats:

	Budsjett 2017(J)	Rekneskap 2017	Budsjett 2018(J)	Budsjett 2019	Endring %
0 Lønn	8 934 907	8 724 497	9 134 699	9 440 353	3,3 %
1-4 Drift	442 660	487 721	465 660	477 014	2,4 %
5 Finans	-	102 228	-	-	n.a.
Sum drift	9 377 567	9 314 446	9 600 359	9 917 367	3,3 %
6 Salsinntekter	-1 602 000	-1 756 601	-1 572 000	-1 697 000	8,0 %
7-9 Overføringar	-320 000	-483 451	-320 000	-240 788	-24,8 %
Inntekter	-1 922 000	-2 240 052	-1 892 000	-1 937 788	2,4 %
Netto utgifter	7 455 567	7 074 394	7 708 359	7 979 579	3,5 %

Mva er trukket ut av summane for artsgruppene 1-4 og 7-9 for å gjere tala meir samanliknbare.

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Drifta har det siste året vore stabil, og søknadsmengda av barn til barnehagen har vore god.

I Ringstad barnehage har vi eit rikt mangfald av ulike språk og kulturar noko som gir oss gode impulsar for mykje læring. Satsingsområdet for barnehageåret 2018/19 er: «**Livsmeistring og helse**». Her vi vil ha fokus på å styrke vennskap og samhald for å motvirke mobbing. Forsking viser at vennskap og samhald fremma utvikling av god psykisk helse og regulering av eigne følelsar. Vidare vil vi ha fokus på fysisk fostring, kosthald, likestilling og likeverd.

I 2018 har personalet utarbeidd **ny visjon** for barnehagen: «**Saman om ein trygg barndom**», og vi starta arbeid med implementering av den nye Rammeplanen. Ringstad barnehage har det siste året revidert verdiane til Raus/Anerkjennande, Profesjonell, Engasjert og Innovativ/Framtidsretta. Verdiane, visjonen, måla og det pedagogisk grunnsyn skal gi felles føringar for våre haldningar og veremåte. I hovudtrekk seier måla og grunnsynet at barnehagen skal ha eit inkluderande miljø, vere framtidsretta og nyskapande i forhold til utviklinga i samfunnet, at vi skal sjå muligheiter og ikkje begrensingar, ha respekt for mennesket og vere anerkjennande og engasjert i alle situasjonar.

Våren 18 tok ein pedagogisk leiar eksamen i Rettleiarutdanning, 30 studiepoeng. To av personalet går andre året på desentralisert barnehagelærerutdanning ved Høgskulen i Volda.

Oktober 18 vart det gjennomført medarbeidarkartlegging på eininga. Vi kom godt ut og fekk høge skåringar, noko som viser at dei tilsette trives og er stolt av arbeidsplassen sin.

I forhold til å halde den økonomiske ramma som er gitt, må leiar til ei kvar tid vere bevisst status på dei ulike postane i budsjettet, og eventuelt justere bruken i ramma.

Vi følgjer krav og pålegg som lovar og retningslinjer gir oss, jfr. bla. Barnehagelova og Rammeplanen

Mål for verksemda:

1. Fokus på nærvær, - halde sjukefråveret på landsgjennomsnittet.
2. Kvar avdeling gjennomføre minimum 4 turar utanfor barnehageområdet pr. månad.
3. Arbeide for å sikre god og gjensidig kommunikasjon mellom heim og barnehage

Tiltak for å nå måla:

1. Jobbe bevist i forhold til IA sine retningslinjer for å halde sjukefråveret på landsgjennomsnittet. Gjennomføre medarbeidersamtalar to gongar pr. år slik: Leiargruppa gjennomfører medarbeidersamtale på hausten med medarbeidarar som dei leiar, og styrar har jobbsamtale med alle medarbeidarane på våren.
2. Kvar avdeling viser gjennom sine planar til aktuelle turar, og dokumenterer dette i skjema som er utarbeidd for dette formålet.
3. Inviterer nye foreldre på oppstartsmøte der informasjon om drifta av barnehagen blir gitt både på norsk og engelsk (munneleg og skrifteleg), ved behov. Gjennomføre foreldremøte avdelingsvis kvart haust og eit fellesmøte om våren. Invitere til to foreldresamtalar i løpet av barnehageåret, der vi ved behov brukar tolketeneste. Forelderådsmøte og Samarbeidsutvalsmøte blir synleggjort i møteplanen for barnehagen, med treffpunkt to gongar pr. barnehageår for kvart utval.

Utfordringar:

- Å ha nok midlar til etterslep på vedlikehaldsoppgåver, og til innkjøp av materielle/leikeapparat. Dette er faktorar som kan gjere oss sårbare sidan dei kommunale sentrumsbarnehagane er konkurranseutsett av private aktørar.
- Lovendring med ny telledato for barn under tre år, lov om rett til redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid for familiar med lav inntekt, vil gi økonomiske konsekvensar for den kommunale barnehagesektoren.
- Den nye pedagognorma føre til fleire pedagogar som skal ha plantid, som igjen fører til auke av personalstaben for å dekke opp for plantida ute på avdelingane,

- Å få tilsett nok pedagogar (barnehagelærarar).
- Utvida opphaldstid for barn (frå 42 til 45 t. pr. veke) har ført til større trykk i barnehagen, spesielt i endane av dagen.

SUNNYLVEN BARNEHAGE

Kort skildring av verksemda: Sunnylven barnehage ligg i den lille bygda Sunnylven som har ca 650 innbyggjarar. Mange foreldre arbeider sjølvstendig, på Ole Ringdal, Hellesylt bygg og Stabburet i Svemorka/Stranda. Opningstida (kl 07.25 – 16.30) er tilpassa søkarane sine behov formidla gjennom søknad om barnehageplass. Vi har barn på venteliste som ikkje har fått plass.

Bemanning:

	2016	2017	2018	2019B
Antall tilsette	8	8	8	8
Antall årsverk	5,75	5,75	5,75	5,75

Ressursinnsats:

		Budsjett 2017(J)	Rekneskap 2017	Budsjett 2018(J)	Budsjett 2019	Endring %
0	Lønn	2 929 216	2 885 330	3 642 791	3 882 665	6,6 %
1-4	Drift	176 311	232 480	181 811	179 811	-1,1 %
5	Finans	-	-	-	-	n.a.
	Sum drift	3 105 527	3 117 810	3 824 602	4 062 476	6,2 %
6	Salsinntekter	-456 460	-473 055	-512 750	-526 750	2,7 %
7-9	Overføringar	-20 000	-37 086	-20 000	-	n.a.
	Inntekter	-476 460	-510 141	-532 750	-526 750	-1,1 %
	Netto utgifter	2 629 067	2 607 669	3 291 852	3 535 726	7,4 %

Mva er trukket ut av summane for artsgruppene 1-4 og 7-9 for å gjere tala meir samanliknbare.

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Sunnylven barnehage har eit bygg som er ca 14 år gammalt. Det vart nyleg måla utvendig og slitasjeskader ser ein ikkje mykje av enda. Varmekablane i yttergarderoba på småbarnsavdelinga har vore øydelagde sidan 2013-14, og her er det hausten 2018 sett inn ein panelomn. Reparasjon av varmekablane vart vurdert, vi henta ikkje inn pris men vi snakka med elektrikar Svenn Alme som opplyste om eit firma i Oslo som tok på seg slike oppdrag. Dette kan ein eventuelt sjå på om ein skal prioritere eit anna år. Det er også kjøpt inn 8

vognposar til nesten alle barna som skal sove ute, fordi det har vore eit stort problem å halde desse barna varme nok utan å ta dei inn.

Ventilasjonsanlegget har fuska i fleire år, det har utløyst alarmer og anlegget stoppar. Firmaet Energima AS har no funne feilen og retta på den.

Moppevask. Det er behov for å investere i ei vaskemaskin til å vaske moppar. Moppene blir no køyrde ned til Sunnylvn skule to gongar i veka, der blir dei vaska og vi får nye. Det blir betalt leige og det er dei pedagogiske leiarane/ styrar som køyrer ned moppene i fritida si. Dette ser vi på som ei unødvendig utfordring og ei oppgåve som ein må løyse så raskt som mogeleg. Reinhaldar har ikkje bil.

Elles arbeider vi med å betre systema kring daglege gjeremål. Vi måtte kjøpe inn knaggar og korgar slik at det blir lettare å halde orden på alt som følgjer med kvart barn.

Mål for verksemda:

1. Å halde sjukefråveret så lavt som mogeleg, ca 5%.
2. Å gi eit pedagogisk tilbod som gir barna nye opplevingar ved å kome seg utanfor barnehagegjerdet minst 4 gongar i månaden.
3. utvikle kunnskapen om barnehagen sitt verdigrunnlag : Omsorg, leik, læring og danning.

Tiltak for å nå måla:

1. arbeide med å skape eit godt arbeidsmiljø der forpliktingar og goder vert kommunisert. Ein opplyser om korleis ein kan førebyggje sjukdom, og gjennom å bruke IA sine anbefalingar for oppfølging av den sjuke.
2. formalisere turane i månadsplanar, gjennomføre, registrere og evaluere.
3. bruke barnehagelæraren sin kompetanse til å dagleg rettleie for å utvikle forståing for at barndommen som levast ut i barnehagen må ha eit variert innhald. Heilt konkret, utvide tilbodet til leik og utforsking av mange områder.

Utfordringar:

For utan at det er vanskeleg å få tak i tilkallingsvikar og nok pedagogisk personale (vi har 40% for lite barnehagelærar), så vil eg påpeike at å ha 40%stilling som einingsleiar der eg trur det blir forventa at eg skal gjennomføre om lag det same som ein i 100% stilling, er nokså ulike vilkår. I min posisjon som vikarierende einingsleiar under opplæring, er det ekstra

utfordrande. Med litt for korte fristar så endar eg opp med å sitje ein god del på kveldstid, for eg vil gjerne gjere alle oppgåvene eg skal.

Den største utfordringa er at eg ikkje har tid til å drive med det som alle barnehagar må drive med: utviklingsarbeid. Det har vore stor mangel på pedagogiske leiarar i Sunnylvn barnehage, og dette set spor. Etter mitt syn så er dette ikkje noko ein kan skuve framfor seg i de uendelege, eg er redd for at kvaliteten på tenesta vi skal produsere vert vesentleg lavare enn i dei andre barnehagane om ein ikkje tek tak i det. Dette bekymrar meg.

PP-TENESTA

Kort skildring av verksemda:

PP-tenesta er heimla i Barnehagelova § 19 og Opplæringslova § 5.6 som kommunen si rådgjevingsteneste og sakkunnig instans i opplæringsspørsmål. Tenesta er knytt til brukarar i alder frå barn i førskulealder til vaksne med rett til grunnskuleopplæring.

Tenesta gir systemretta støtte til barnehagar og skuler i form av råd og rettleiing om pedagogisk leing, gruppeleing, læringsmiljø og spesialpedagogiske didaktiske spørsmål. PPT skal støtte barnehagar og skular med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge betre til rette for barn og unge med særlege behov. Tenesta har ikkje mandat til å utføre behandling.

Møre og Romsdal Fylkeskommune har avtale med Stranda kommune om kjøp av tenester for oppfølging på dei to vidaregåande skulane som ligg på Stranda.

Bemanning:

	2016	2017	2018	2019B
Antall tilsette	4	4	4	4
Antall årsverk	2,75	2,85	2,85	2,85

Ressursinnsats:

		Budsjett 2017(J)	Rekneskap 2017	Budsjett 2018(J)	Budsjett 2019	Endring %
0	Lønn	2 032 573	1 927 979	2 095 796	2 144 830	2,3 %
1-4	Drift	415 691	365 820	368 594	361 190	-2,0 %
5	Finans	-	-	-	-	n.a.
	Sum drift	2 448 264	2 293 799	2 464 390	2 506 020	1,7 %
6	Salsinntekter	-	-	20 000	-	-100,0 %
7-9	Overføringer	-560 813	-622 659	-574 234	-552 662	-3,8 %
	Inntekter	-560 813	-622 659	-554 234	-552 662	-0,3 %
	Netto utgifter	1 887 451	1 671 140	1 910 156	1 953 358	2,3 %

Mva er trukket ut av summane for artsgruppene 1-4 og 7-9 for å gjere tala meir samanliknbare.

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Stranda PPT har innført nye prosedyrar for samarbeid med barnehagane og skulane, desse er knytt opp til Utdanningsdirektoratet sine føringar for spesialpedagogisk hjelp i barnehagane og spesialundervisning i skulane.

I tillegg til arbeid med å kartlegge enkelt barn sine behov, har PPT gjennomført tiltak for kompetanseheving i form av kurs og rettleiing til dei tilsette i barnehagar og skuler.

Stranda PPT arbeidar tverrfagleg ved å samarbeide med dei andre lokale støttetene. I tillegg samarbeider Stranda PPT med Statped og spesialisthelsetenestene ved sjukehuset i Ålesund; BUP og HABU.

Mål for verksemda:

I samsvar med Utdanningsdirektoratet sine føringar har Stranda PPT desse måla:

- PPT skal være tilgjengeleg og bidra til heilhet og samanheng.
- PPT skal arbeide førebyggjande og bidra til tidleg innsats i barnehagar og skular
- PPT skal utarbeide sakkunnige vurderingar som er grunnlag for vedtak om spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning, eller om det skal bli satt inn tiltak innanfor ramma av tilpassa opplæring.

Tiltak for å nå måla:

Stranda PPT tek utgangspunkt i Utdanningsdirektoratet sin vegledar for spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning. Faste prosedyrar for dei ulike oppgåvene skal sikre god arbeidsflyt og kvalitet i tenesta.

Oppdatert kompetanse for dei tilsette i PPT er avgjerande for å sikre ei fagleg kompetent teneste, så langt har Stranda PPT nytta Utdanningsdirektoratet sitt program for etter- og

vidareutdanning. Kompetanseheving er framleis eit viktig verkemiddel for å nå måla for tenesta.

I samarbeid med kommuneleinga driv støttetenestene i Stranda kommune utviklingsarbeid for å styrke tverrfaglege samarbeidsrutinar, dette arbeidet er avgjerande for å etablere god praksis for førebyggjande arbeid. Systemarbeid i dei ulike barnehagane og skulane er også eit viktig tiltak for å nå måla.

Utfordringar:

Utviklinga siste år viser at Stranda PPT har for liten kapasitet og ein klarar ikkje å holde saksbehandlinga nede på føringane frå Utdanningsdirektoratet, som er på 3 månadar. Det difor innført venteliste. Dette skaper stor slitasje på personalet og ein har siste arbeidsår hatt langvarig sjukmeldingar som er relatert til arbeidsbyrda. I tillegg til fysiske tilretteleggingar blir det i samarbeid med IKT-avdelinga lagt til rette for løysingar som kan vere med å lette arbeidsflyten. Det er likevel viktig å vurdere kapasiteten ved kontoret i høve til nye og aukane arbeidsoppgåver.

Andelen av spesialpedagogisk hjelp i barnehagane og spesialundervisning i skulane har auka, årsaka til dette er samansett. Det er framleis viktig at PPT i fellesskap med barnehagane og skulane har fokus på utvikling av positive og utviklande læringsmiljø. Organisering og læringsmetodar er viktige faktorar for å fremme eit godt tilpassa opplæringstilbod innanfor eksisterande rammer.

Som i landet elles er andelen elevar med høgt skulefråvær og lav motivasjon aukande, både i grunnskulen og på dei vidaregåande skulane. Endring i Opplæringslova, med skjerpa krav til skuleeigar, skal komme denne utviklinga i møte. Lovendringane krev at PP-tenesta i større omfang jobbar systemisk saman med skulane for å finne gode løysingar på utfordringane.

Barn og unge som har vanskar knytt til psykisk helse er ei aukande utfordring, her har Stranda PPT i saman med dei andre lokale støttetenestene ei stor utfordring. Stranda kommune har i dag for få hjelpetiltak som ein kan bruke i dette arbeidet, ein manglar både kompetanse og stillingsheimlar for å kunne få eit tilfredstillande tilbod.

STRANDA DISTRIKT

Kort skildring av verksemda:

Stranda distrikt tilbyr tenester innan pleie- og omsorg, brukerstyrt personleg assistent (BPA), ressurskrevjande brukar og omsorgsstønad for personar over 18 år.

Stranda omsorgssenter er lokalisert på Lånemarka i Stranda tettstad. Her finn ein sjukeheimen, Dalane og Egga omsorgsbustadar og sentralkjøkkenet. Heimetenestene og dagsenteret har basen/lokala sine på omsorgssenteret.

Solbakken omsorgsbustadar og Liabygda omsorgsbustadar høyrer også til Stranda omsorgssenter, men er lokalisert høvesvis i Movegen ved Mona stadion og i Liabygda.

Til saman har Stranda distrikt 43 omsorgsbustadar og 37 sjukeheimplassar. Av desse er 5 korttidsplassar. Frå 01.09.15 oppretta Stranda omsorgssenter ei KAD-seng etter avtale mellom Stranda kommune og Helse Møre og Romsdal HF. Dette på bakgrunn av øyeblikkelig hjelp tilbod i kommunane.

Bemanning:

	2016	2017	2018	2019B
Antall tilsette	109	113	114	114
Antall årsverk	88,12	92,31	104,09	104,09

- Det er ikkje medrekna vakante helgar og vikarar

Ressursinnsats:

	Budsjett 2017(J)	Rekneskap 2017	Budsjett 2018(J)	Budsjett 2019	Endring %
0 Lønn	61 074 456	60 505 252	66 064 700	68 758 205	4,1 %
1-4 Drift	9 074 983	9 154 742	8 251 555	8 378 401	1,5 %
5 Finans	-	1 019 311	-	-	n.a.
Sum drift	70 149 439	70 679 305	74 316 255	77 136 606	3,8 %
6 Salsinntekter	-12 412 510	-12 817 565	-11 658 515	-12 225 286	4,9 %
7-9 Overføringar	-3 969 139	-6 814 041	-4 335 833	-6 066 683	39,9 %
Inntekter	-16 381 649	-19 631 606	-15 994 348	-18 291 969	14,4 %
Netto utgifter	53 767 790	51 047 699	58 321 907	58 844 637	0,9 %

Mva er trukket ut av summane for artsgruppene 1-4 og 7-9 for å gjere tala meir samanliknbare.

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Stranda distrikt har sidan slutten av 2012 hatt fokus på endring. Dei tilsette har vore gjennom omstillingsprosessar, som har blitt opplevd både på godt og vondt.

Dei tilsette er flinke og fagleiarane gjer ein fantastisk jobb med personalet og den daglege drifta. Det er ikkje til å legge skjul på at det blir mykje fokus på t.d. dekking av vakter i det daglege arbeidet.

I år har helse- og omsorgstenesta vore gjennom RO-prosjektet. Dette har vore eit interessant arbeid som har gitt oss mange nye måtar å tenke på. I etterkant har vi retta fokus mot

arbeidstidsordning og vedtakspraksis. Vi er blitt meir bevisste i måten vi tildeler tenester på, og ser at det er skapt ein kultur som må endrast på.

Vi har framleis overbelegg ved sjukeheimsavdelingane våre. Vi ser at forventningar innbyggjarane har til institusjonsopphald ikkje samsvarar med kriteria vi har for vurdering og tildeling av denne tenesta. Jfr. omsorgstrappa. Vi har ein stor jobb å gjere med å tileigne innbyggjarane denne informasjonen.

Vakante helgar i Stranda distrikt pr. oktober 2018 er 534% stilling. Dette syner at vi må sjå på korleis vi kan løyse/endre arbeidstidsordninga der ein går turnus. Vi greier ikkje å rekruttere nok folk til små helgestillingar.

Arbeidet med å installere nytt signalanlegg ved Stranda omsorgssenter er i full gang. Prosjektgruppa ser for seg at dette skal vere oppe å gå i byrjinga av 2019. Dette er eit stort arbeid som skal vere med på å møte utviklinga innanfor velferdsteknologien.

Mål for verksemda:

- Alle tilsette skal gjennomføre e-læringskurs
- Vedtak og tildeling av tenester skal stå i samsvar med kvarandre
- Etablere ei velfungerande kvalitetsgruppe i eininga
- Budsjett i balanse

Tiltak for å nå måla:

- Gjennomføre individuell opplæring i korleis ein registrerar seg, opprettar kurs og fullfører kurs på NHI.no. Leiar lagar oppsett over kva kurs som skal takast med tidsfrist.
- Gjere tilsette bevisst på kva vedtak brukar har på tenesta som skal ytast. Viktig med informasjonsflyt frå når ei teneste er vedtatt til den når tenesteytar og brukar av tenesta.
- Lage årshjul, opprette faste møtedatoar, ha sakliste. Få alle i gruppa til å skjønne viktigheita av arbeidet.
- Kontroll på innkjøp og oppfølging av rekneskapsrapportar gjennom året.

Utfordringar:

- Vanskeleg å rekruttere tilsette med rett kompetanse.
- Ferieavvikling er vanskeleg å gjennomføre utan bruk av vikarbyrå. Dette er ei kostbar løysing, som heller ikkje stettar krava våre til kompetanse i stillingane.
- Utfordrande med auka krav om kvalitet og fokus på rettigheter innan pleie- og omsorgstenester. Lovverk og forskrifter blir stadig endra.

- Vedlikehald av bygningar bør setjast fokus på.

SUNNYLVEN DISTRIKT

Kort skildring av verksemda:

Sunnylven distrikt består av sjukeheim, omsorgsbustader og heimebaserte tenester. Sjukeheimen har seks plassar fordelt på fem langtidsplassar og ein korttids plass. Til saman er her 18 omsorgsbustader. Den heimebaserte tenesta tilbyr pleietenester, hjelp i heimen/ praktisk bistand, BPA, tryggleiksalarmar og middagsombringning. Tenesta er døgkontinuerlig. Heimetenesta har om lag 30 brukarar i distriktet. I leiarfunksjonar har Sunnylven distrikt i tillegg til einingsleiar, teamleiar for ressurskrevjande brukarar/BPA og fagleiar.

Bemanning:

	2016	2017	2018	2019B
Antall tilsette	37	37	39	40
Antall årsverk	2354,15	2364,15	2626,69	2726,69

Ressursinnsats:

	Budsjett 2017(J)	Rekneskap 2017	Budsjett 2018(J)	Budsjett 2019	Endring %
0 Lønn	16 219 519	16 060 526	17 696 903	18 208 740	2,9 %
1-4 Drift	2 729 796	2 657 358	2 647 046	2 605 228	-1,6 %
5 Finans	-	14 907	-	-	n.a.
Sum drift	18 949 315	18 732 790	20 343 949	20 813 968	2,3 %
6 Salsinntekter	-3 406 600	-3 547 632	-3 465 560	-3 705 560	6,9 %
7-9 Overføringar	-1 420 910	-2 480 090	-2 370 910	-2 389 310	0,8 %
Inntekter	-4 827 510	-6 027 721	-5 836 470	-6 094 870	4,4 %
Netto utgifter	14 121 805	12 705 069	14 507 479	14 719 098	1,5 %

Mva er trukket ut av summene for artsgruppene 1-4 og 7-9 for å gjere tala meir samanliknbare.

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

I 2018 har sjukeheimen ved Sunnylven omsorgssenter hatt eit stort over-belegg på langtidsplassane. Inntekta på arten er derfor høgare enn budsjettet. Omsorgsbustadane har alle bebuarar, og har vært det i det meste av året. Unntaka er ved utflytting/innflytting. Sunnylven omsorgssenter har venteliste på omsorgsbustader. Pr i dag er det tilsett 3 offentlige godkjente sjukepleiarar i 100 % stilling. Her er ei 100 % stilling for høgskuleutdanna (sjukepleiar eller vernepleiar) ledig (frå 1.9.). I tillegg er det i budsjett bedt om ei stilling til med høgskulefaglig bakgrunn. Årsaka er at Sunnylven distrikt sliter med å drive forsvarleg med en så lav del av dei tilsette med høgskule-kompetanse til forholdsvis mange brukarar.

Dei fleste andre tilsette er fagarbeidarar. Sunnlyven omsorgssenter har fortsatt ingen reinhaldspersonale, og derfor fortsatt utfordrande for personalet å rekke over reinhaldsoppgåvene.

Det er gjennomført tilsyn på sprinkelanlegg og årlig kontroll av heis, med noko avvik. Strømforbruket er fortsatt høgt. Da særleg pga av ventilasjonsanlegget. Det er utført mindre vedlikehaldsoppgåver (måling) og byttet flisa i inngangspartiet med golvbelegg.

Mål for verksemda:

1. Alle heimlar for høgskuletilsette er besett/drifte fagleg forsvarleg
2. Reforma «leve hele livet» er vurdert opp mot dagens ressursar og organisering i eininga
3. Alle tilsette har garderoberom/plass

Tiltak for å nå måla:

1. rekruttere tilsette ved hjelp av rekrutteringsbyrå. Evt nytte vikarbyrå
2. eininga, saman med kommuna, jobbe aktivt med reforma. Vurdere dagens ressursar mot framtidige krav.
3. Flytte vaskerom i kjeller til bad i 1. etg og bruke vaskerommet til garderobe. Trenger hjelp av vaktmestertenesta.

Utfordringar:

Personale: Sunnlyven distrikt har 400 % i heimel til sjukepleiedekning fordelt på 4 personar. Det er noko knapt både til daglig drift, men særleg ved ferieavvikling og evt sjukdom. Det hadde vært ønskelig med 6 personar, da helst alle i 80-100 % stillingar.

Faglig: Det er vanskelig å utvikle tenestane i takt med krav frå forskrift, lover og andre krav/forventningar. Det er både økonomiske- og ressursmessige avgrensingar som er årsaken til det.

Bygningar: Ventilasjonsanlegget fungerer dårlig. Noko som også fører til at eininga bruke mykje i energi, det blir dårlig inn klima, og at omsorgssenteret opplevast både for varm og for kald.

Hage: Sunnlyven omsorgssenter har ein forholdsvis stor hage som ikkje går å bruke i sin nåverande tilstand. Trivsel og mulighet til utendørsaktivitetar er viktig for å oppretthalde god funksjonsevne (Helsedirektoratet). Pårørandeforeininga vil hjelpe til med utplanting og liknande. Sunnlyven omsorgssenter har fått gåvemidlar for innkjøp av benker, planter o.l. Einingsleiar har bedt om at det gis investeringsmidlar til grunnarbeidet.

GEIRANGER DISTRIKT

Kort skildring av verksemda:

Geiranger distrikt består av Geiranger Omsorgssenter med 9 leiligheter og Geiranger HBO.

Bemanning:

	2016	2017	2018	2019B
Antall tilsette	10	10	9	11
Antall årsverk	7,6	7,6	7,6	8,1

5 vakante helgestillingar og 1 vakant BPA i 2018.

Ressursinnsats:

	Budsjett 2017(J)	Rekneskap 2017	Budsjett 2018(J)	Budsjett 2019	Endring %
0 Lønn	5 014 232	5 383 361	5 547 082	5 533 826	-0,2 %
1-4 Drift	454 867	491 315	444 453	540 492	21,6 %
5 Finans	-	1 500	-	-	n.a.
Sum drift	5 469 099	5 876 176	5 991 535	6 074 318	1,4 %
6 Salsinntekter	-993 500	-959 629	-1 043 606	-1 072 770	2,8 %
7-9 Overføringar	-	-551 389	-	-	n.a.
Inntekter	-993 500	-1 511 018	-1 043 606	-1 072 770	2,8 %
Netto utgifter	4 475 599	4 365 158	4 947 929	5 001 548	1,1 %

Mva er trukket ut av summene for artsgruppene 1-4 og 7-9 for å gjere tala meir samanliknbare.

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Omsorgssenteret har hatt fullt belegg inneverande år, noko som i utgangspunktet skal gje ei forutsigbar drift. HBO har hatt varierende grad av oppdrag. Vakante stillingar og langtidssjukemeldingar ilag med mangel på vikarar har gitt utfordringar for drifta.

Økonomisk sett driftar me innanfor budsjett. Balansen mellom å halde budsjettet og ikkje overbelaste bemanninga er krevjande. Tala seier ikkje alltid alt.

Mål for verksemda:

- Halde sjukefråværet på landsgjennomsnittet.
- Auke grad av dokumentering av pasientarbeidet og avvik.
- Halde budsjettet.

Tiltak for å nå måla:

- Medarbeidarsamtale, personalmøte, tilrettelegging, gode rutiner, arbeidsplanar, HMT-plan.
- Internundervisning, kollegial støtte, opplæring.
- God kontroll på innleige og innkjøp. Økonomirapportar. Bevisstgjerjing av personalet.

Utfordringar:

Geiranger distrikt har lenge hatt utfordringar med eit budsjett som har vore for lite. Eininga har vore avhengig av langtidssjukemelding eller morspermisjonar med minimal innleige av vikarar for å minske underskuddet. Ved ei mindre eining slik Geiranger distrikt er, vil innleige av vikar ved t.d. sjukdom gje stort utslag i rekneskapet. Eininga er avhengig av meir handlingrom i budsjettet for å kunne drifte forsvarleg. Skal me sikre motiverte arbeidstakarar som yt gode tenester til brukarane, må me sikre at økonomien gjev rom for at det kan leigast inn nok vikarar ved fråvær.

Eininga har fleire vakante helgestillingar, samt langtidssjukemeldingar i år. Desse vaktene er det tidvis svært vanskeleg å fylle, då me i periodar av året har liten tilgang på vikarar. Tilsette og faste vikarar har gjort ein fantastisk innsats for å få til gode løysingar, men slike periodar slit på personalet.

Me ser klart eit behov for meir fast personale for å fylle dei adminstrative oppgåve som ofte vert skadelidande ved mangel på personale. Grunnbemanninga er for liten til å klare oppdraga me har i heimetenestene i tillegg til adm. oppgåver. Det er no lagt opp til ei auke på 0,5 årsverk for å avhjelpe dagens situasjon. Dette er etter kvart tvingande nødvendig for å kunne sikre forsvarleg drift ved eininga. Dette vil også ilag med andre tiltak redusere antal vakante helgestillingar.

Samansette behov hjå brukarane, gjev auka behov for kompetanse ved eininga. Inga bakvaktstjeneste og lite fagpersonale gjev utfordringar og baserer seg på frivillighet frå sjukepleiarane. Ei slik løysing er for lengst utgått på dato.

Vedlikehaldsmessige behov:

Maling utvendig.

Ny kjøkkeninnredning på leilighetene.

Ny lyssetting på stove/gang/soverom på leilighetene.

HABILITERING/REHABILITERING

Kort skildring av verksemda:

Eining for hab/reh yter lovpålagte tenester innenfor ansvar:

3040 Møregt./Fjordgården

3041 Nymarkveien.

3042 Psykiatrisk dagsenter.

3043 Avlastningsbustad

Koordinerande eining er organisert under Eining for hab/reh. men har ikkje eget ansvar.

Eining for hab/reh. yter miljøterapeutiske tenester til personar med helseutfordringar innen rus, psykiatri, dobbeltdiagnosar (ROP) og psykisk utviklingshemma.

I tillegg er ansvaret for tenestane; – avlastning i private bustader, støttekontakt, omsorgsstønad til dei under 18 år samt ledsagerbevis, lagt under Eining for hab/reh.

Alle tenester er lovpålagte og det vert fatta vedtak, etter gjeldande lovverk.

Avlastning i bustad er til familiar med særleg tyngande omsorgsbehov.

Bemanning:

	2016	2017	2018	2019B
Antall tilsette	43	41	39	40
Antall årsverk	33.30	33,30	31.30	32.46

Vikarar i vakante stillingar er ikkje tatt med. Nedgangen i antall årsverk-18 er grunna i avslutting av ressurskr.tenester, totalt 2.årsverk, fra juli -18. I 2019 får vi auke med 1.årsverk, årsverket vert finansiert av midlar fra FMRR, denne stillinga skal nyttas til brukargruppa ROP.

I tillegg til antall årsverk har 25 personar kontrakter som støttekontakt og privat avlastning.

Ressursinnsats:

	Budsjett 2017(J)	Rekneskap 2017	Budsjett 2018(J)	Budsjett 2019	Endring %
0 Lønn	23 952 657	22 399 851	23 975 557	24 595 290	2,6 %
1-4 Drift	623 362	610 636	922 761	978 174	6,0 %
5 Finans	-	-	-	-	n.a.
Sum drift	24 576 019	23 010 487	24 898 318	25 573 464	2,7 %
6 Salsinntekter	-395 568	-382 286	-423 651	-404 288	-4,6 %
7-9 Overføringar	-11 060 048	-8 170 306	-7 964 576	-7 387 428	n.a.
Inntekter	-11 455 616	-8 552 592	-8 388 227	-7 791 716	-7,1 %
Netto utgifter	13 120 403	14 457 895	16 510 091	17 781 748	7,7 %

Mva er trukket ut av summene for artsgruppene 1-4 og 7-9 for å gjere tala meir samanliknbare.

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Størstedelen av ressursinnsatsen er ifh. til ressurskrevande brukarar, brukarar med denne type høg grad av teneste skal og må prioriterast. Tenestene skal ytes uavhengig av type diagnose el bustadform. For å utøve tenesten må tenesteutøver inneha nødvendig kompetanse, miljøterapi dreier seg om kartlegging, veiledning, oppfølging og evaluering av igangsatte tiltak.

Einingen yter og tenester ifh. til avlastning, støttekontakt og omsorgsstønad. Søknader på støttekontakt er jevn, men det ein ser er ei aukande søknadar frå eldre.

Avlastning til familiar med store tyngande omsorgsbehov er ikke god, nok pr.i dag. For borna er det ikkje fagleg tilrådeleg å nytte private heimar til avlastning.

Avlastningsbustad vart vedtatt oppstart fra 2018, oppstartinga har ikkje lykkast, grunna ikkje nok kvalifiserte søkarar til stillingane. Stillingane var små, avlastningsbustaden skulle servas på helg, og med kompetanse fra bachelornivå. Stillingane har vore lyst ut mange ganger, utan kvalifiserte søkarar og ein må nå tenke i andre baner.

Mål for verksemda:

1. Arbeidsmiljø.

Målstyringsgruppa valgte desse punkta, då dei ser det som svært viktig at eininga har fokus på arbeidsmiljø, og at det vert jobba systematisk med dette.

2. Kompetanse/heving.

Være bevist på eigen kompetanse, nytte denne i tverrfagleg samarbeid. Kompetanseplan er utarbeid for eininga, planen syner kva for kompetanse ein har i eininga, og kva ein treng no, og behov framover.

3. Økonomi

Tiltak for å nå måla:

1: Tiltak i forhold til å arbeide med dette i eininga:

- Systematisk gjennomgang av miljøreglar på fagmøtene i eininga.
- Bevisstgjøring rundt det å vere fagleg uenig-skille sak og person.
- Kontinuerlig informasjon om kvalitetsystemet Compilo, slik at ansatte vert trygg i bruken av systemet. Eksempel på det kan vere tryggheit i forhold til det å melde avvik.
- Medarbeidersamtaler.
- Systematisk bruk av refleksjonsgrupper i etikk.
- Nytte seg av e-kurs i Veilederen
- 2.tilsette tek vidareutdanning.

2: Tiltak for kompetanseheving:

- Fagdager i regi av av spesialisthelsetenesten, dersom dei er inne ifb. med tenesteutøving.
- Etiske refleksjongrupper.
- Kontinuerlig opplæring/veiledning i profil.
- Kurs i regi av FMRR
- Kontinuerlig vedlikehald av opplæring i HOTL Kap. 9
- To tilsette tek vidareutdanning innan fagområdet til psykisk utviklingshemma.
 - Psykisk utviklingshemma og psykisk helse
 - Psykisk utviklingshemma og aldring.

3: . Økonomi

For å holde god økonomistyring gjennom hele året, er det nødvendig å ha godt samarbeid med økonomisjefen.

Tertialrapporter skal leveres innen gitt frist.

Gjennomgang økonomirapporter

God kontroll på innkjøp.

I tillegg til egne mål, tek ein også omsyn til felles mål med dei andre einingane innan helse-og omsorg.

Desse måla er:

- Stranda kommune si helse- og omsorgsteneste skal sikre innbyggjarane trygg bistand og helsehjelp .
- Tenestetilbodet skal utarbeidast i samarbeid med den einkilde brukar
- Tenestetilbodet skal ytast på lågast muleg omsorgsnivå

Utfordringar:

Alle tenestemottakar skal ha tilfredsstillande tenester, samtidig som tenesteutøver skal oppleve tryggleik i utøvelsen av tenesten. Ein opplever oftare, at det av hensynet til tenesteutøvar sin sikkerhet, må vere to tenesteutøvere til stede.

AML og arbeidstilsynet krev auka fokus på aleinearbeid og dette er eit krav

Einingen for hab/reh. har fokus på.

Optimale tenester til brukarar med diagnosen psykisk utviklingshemming, dei fleste har behov for høg grad av tenester, Tenesteutøvingen skal vere av ein art, som styrker eigenmestringen hos den enkelte mottaker, dette krev kompetanse hos utøver. Det krev og at det er nok ressursar som ivaretar brukargruppa, da habilitering handlar mykje om tilgjengelighet og tid til den enkelte brukar.

Avlastningsbustad er ein teneste som Stranda kommune har valgt å satse på, dette vart vedtatt allereie for budsjettet 2018, tenesten skulle serves annan kvar helg og det lykkast ikkje å sette tenesten i gang. Eininga ser nå i andre baner og har etablert samarbeid med tenesten Oppvekst, dette med tanke på å utvide tenesten og dermed få større stillingar, noko som vil medføre betre tenester.

Denne tenesten vil verte eit tilbod til familiar, som har eit tyngande omsorg-behov.

HELSETENESTA

Kort skildring av verksemda:

Helseeininga skal gje innbyggjarane i kommunen nødvendig helsehjelp, både førebyggjande og kurativt.

Eininga omfattar:

- Helsestasjons- og skulehelseteneste
- Jordmorteneste
- Offentlig legeteneste, -miljøretta helsevern og administrasjon
- Legeteneste, fastlege og tilsynslege
- Fysioterapiteneste

Helsesøstertenesta:

Førebyggjande fysisk og psykisk helsearbeid blant born/ ungdom i alder 0 – 20 år.

Helseopplysing til foreldre, born og ungdom. Kurs og samtalegrupper. Heimebesøk til nyfødde og til familiar med spesielle behov.

Jordmortenesta:

Arbeidet omfattar svangerskapskontrollar og heimebesøk etter fødsel.

Fysioterapi:

1 fastløna kommunal stilling i 100%..

Kommunen har kommunal driftsavtale med 3 fysioterapeutar i privat praksis.

Legetenesta:

Det er 5 legar i 100% stilling, i tillegg til turnuslege i 100% stilling.

Offentlig teneste

Legevaktsamarbeid for bygdene Hellesylt og Stranda med Sykkylven legevakt.

For bygdelaga Liabygda og Geiranger er det vaktteneste med Ørskog legevakt og Ålesund interkommunale legevakt

Miljøretta helsevern:

Skal ha kontroll med ytre faktorar som kan ha innverknad på folk si helse.

Gjennomføring av vaksinerings mot sesonginfluensa til innebyggjarane i kommunen.

Bemanning:

	2016	2017	2018	2019B
Antall tilsette	18	18	17	18
Antall årsverk	15,49	15,49	15,44	16,75

Ressursinnsats:

		Budsjett 2017(J)	Rekneskap 2017	Budsjett 2018(J)	Budsjett 2019	Endring %
0	Lønn	13 920 773	14 825 353	14 156 157	15 097 843	6,7 %
1-4	Drift	4 784 728	5 218 950	6 256 973	6 803 401	8,7 %
5	Finans	-	300 000	-	-	n.a.
	Sum drift	18 705 501	20 344 303	20 413 130	21 901 244	7,3 %
6	Salsinntekter	-4 892 995	-5 798 732	-5 110 000	-5 500 000	7,6 %
7-9	Overføringar	-1 045 288	-1 915 001	-1 031 400	-1 700 259	n.a.
	Inntekter	-5 938 283	-7 713 732	-6 141 400	-7 200 259	17,2 %
	Netto utgifter	12 767 218	12 630 571	14 271 730	14 700 985	3,0 %

Mva er trukket ut av summane for artsgruppene 1-4 og 7-9 for å gjere tala meir samanliknbare.

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Legetenesta har det siste halve året hatt stor legemangel, innleige av vikarar via byrå har vore nødvendig. Dette har vore arbeidskrevande for både legar og hjelpepersonell, dette spesielt i forhold til oppfølging av kronisk og alvorleg sjuke.

Helesøstertenesta fekk i 2018 prosjektmidlar til styrking og utvikling av helsestasjon og skulehelsetenesta, det har vore problem med rekruttering av utdanna helsesøstre til dette prosjektet, har brukt jordmora som ein ressurs i dette arbeidet.

Mål for verksemda:

Halde på fagkompetansen i kommunen.

Vidareføre prosjekt på helsestasjonen og skulehelsetenesta, spesielt bruke resurssar på barn og unge som slit med psykiske utfordringar.

Få tilsett ny folkehelsekoordinator jf. God Helse partnerskap med tilskot frå M&R fylkeskommune. Vi har vore utan folkehelsekoordinator sidan 1. juni 2017.

Folkehelsekoordinator er viktig for det forebyggande arbeidet i kommunen og bør difor prioriterast.

Få tilsett merkantilt personale ved helsestasjon, då det vil frigi meir tid til helsesøsterarbeid. Det bør vere 20 % merkantilt per helsesøster (4 helsesøstre + jordmor).

Tiltak for å nå måla:

Legge til rette for gode arbeidsvilkår og kompetanseheving.

Vidareføre resurssane som vi brukar i dag på helsestasjonen og skulehelsetenesta.

Utfordringar:

Stette krava til dei lovpålagte oppgåver staten gjev til kommunane, samt utfordringar med dei auka psykiske problema blant barn/unge.

SOSIALTENESTA

Kort skildring av verksemda:

Barnevern/Beredskapsvakt barnevern: Sikre at barn og unge får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Drive førebyggjande og tverrfagleg arbeid. Gi råd og rettleiing, undersøkingar, iverksette nødvendige tiltak og følgje opp. Råd, rettleiing og oppfølging av fosterheimar. Beredskapsvakt utanom kontortid i samarbeid med Giske, Sula og Sykkylven.

Psykiatri og Rusomsorg: Sikre eit lokalt terapitilbod til mennesker med påbegynnande/alvorleg psykiatri og/eller rus lidingar.

Innvandrar og flyktingtenesta: Mottak, etablering og oppfølging av flyktingar og oppfølging av innvandrarak for ei best mogleg integrering i lokalsamfunnet. Rådgjeving av flyktingar og innvandarar. Koordinerande instans i kommunen.

Husbank: Behandling av og rådgjeving av søknad av Startlån, utbetringstilskot, etableringstilskot og bustøtte.

Frivilligsentral: Frivilligsentralen skal fungere som møteplass og brubbyggjar mellom menneske, frivillige organisasjonar, samanslutningar og det offentlege.

Bemanning:

	2016	2017	2018	2019B
Antall tilsette	10	11	11	12
Antall årsverk	7,15	8,55	9,70	10,70

Ressursinnsats:

		Budsjett 2017(J)	Rekneskap 2017	Budsjett 2018(J)	Budsjett 2019	Endring %
0	Lønn	12 529 276	8 812 534	13 209 604	10 335 554	-21,8 %
1-4	Drift	4 982 557	5 084 440	6 185 693	7 626 341	23,3 %
5	Finans	150 000	1 362 211	-	-	n.a.
	Sum drift	17 661 833	15 259 185	19 395 297	17 961 895	-7,4 %
6	Salsinntekter	-192 000	-206 500	-	-	n.a.
7-9	Overføringar	-8 359 218	-9 503 576	-9 750 483	-5 869 804	-39,8 %
	Inntekter	-8 551 218	-9 710 076	-9 750 483	-5 869 804	-39,8 %
	Netto utgifter	9 110 615	5 549 110	9 644 814	12 092 091	25,4 %

Mva er trukket ut av summane for artsgruppene 1-4 og 7-9 for å gjere tala meir samanliknbare.

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Vi er ei «lita» eining med eit sær s breitt ansvarsområde og difor også sær sårbar. Det er viktig å ta seg tid til utviklingsarbeid, om ikkje vert det stagnasjon. Vi har i dag ei personalgruppe med god kompetanse, men vi treng jamnt å tileigne oss yttlegare kompetanse. Dette både for å gi gode tenester til våre brukarar, vere ein attraktiv arbeidsplass og behalde personell.

Innan barnevernet har personalet teke på seg og gått inn i ei beredskapsvakt ordning etter kontortid for å løyse kravet frå staten om å ha tilgjengeleg barnevernfaglegkompetanse utanom kontortid. Dette er eit samarbeid med barneverntenestene i kommunane Giske, Sula, Sykkylven og Stranda. Beredskapsvakta har no vore i drift sidan mai 2018.

Vi ser at utgiftene til tiltak i familien innan barnevernet har stige jamt og nær dobla seg dei siste åra.

Vi har hatt ei stabil personalgruppe (då spesielt i barnevernet) over mange år. Ein ser at det er eit aukande behov for veiledning og støtte for å behalde denne stabiliteten då belastningane over tid kan bli for store t.d. i arbeid med mennesker i krise, kritikk, uthenging i sosialemedia m.m.

Mål for verksemda:

1. Utarbeide opplæring og kompetanseplan for alle område avdelinga femnar om, for å møte statlege krav i tida som kjem.
2. Veiledning av personell gjennom eksterne og interne tiltak.
3. BTI – Betre tverrfagleg innsats. Deltagelse i prosjektet, opplæring og innføring av gode tverrfaglege rutiner påtvers i kommunen.

Tiltak for å nå måla:

1. I samarbeid med dei ansatte på avdelinga utarbeide opplæringsplanar for alle fagområde, som synleggjer statlege krav til kommunen. Det skal lagast plan for gjennomføring.
2. Organisere intern og ekstern veiledning gjennom grupper og kurs.
3. Vere aktiv i prosjektet for innføring av BTI – Betre tverrfagleg innsats – tilby opplæring og innføring av rutinar i personalgruppa.

Utfordringar:

Vi manglar kompetanse som psykolog (som vert eit krav i 2020) og vi har no fått tilsett ein person med vidareutdanning i rus med oppstart i januar 2019. Ser at vidareutdanning innan kognitiv terapi vil vere nyttig for våre brukarar.

Abeidsmengda innan flyktning er fortsatt stor og oppfølgingsbehovet er vedvarande høgt sjølv om fleire har fullført introduksjonsordning og enkelte er ute i arbeid.

Ny barnevernresform (Prop 73L) der kommunane får eit auka finansieringsansvar og krav til ny digital platform, eit meir heilheitleg ansvar for hjelpetiltaka, krav til auka kompetanse, auka ansvar for fosterforeldre samt finansiering og jamnlege tilstansvurderingar om barnevernet skal rapporterast i kommunestyret. Dei fleste krava her medfører kostnader.

NAV

Kort skildring av verksemda:

NAV Stranda har 3 statleg tilsette og 1,5 kommunalt tilsette. I tillegg kjem leiar som er statleg tilsett og har delt leiarrolle med NAV Sykkylven. Det kommunale tenesteperspektivet i NAV Stranda inneheld minimumsløysing etter Lov om sosiale tenester i NAV. Dette inkluderer: økonomisk sosialhjelp, midlertidig bustad, Kvalifiseringsprogrammet, individuell plan og opplysning, råd og veiledning.

NAV jobbar med oppfølging av personar som treng bistand til å behalde jobb, eller til å skaffe seg jobb. Fokus er på dei brukarane som reng mest bistand for å kunne vere i arbeidslivet.

Prioriterte målgrupper er ungdom, langtidsledige og flyktningar.

NAV Stranda jobbar heilskapleg og på tvers av kommunale og statlege skilje og oppgåver. Kontoret har 4 veiledarar som følgjer opp sine brukarar heilskapleg, uavhengig av hjelpebehov. I tillegg har kontoret ei 0,5 stilling som gjeldsrådgjevar.

Bemanning:

	2016	2017	2018	2019B
Antall tilsette	2 kommunale 4 statlege	2 kommunale 4 statlege	2 kommunale 4 statlege	2 kommunale 4 statlege
Antall årsverk	1,5 kommunale 3,5 statlege inkl delt leder med NAV Sykkylven	1,5 kommunale 3,5 statlege inkl delt leder med NAV Sykkylven	1,5 kommunale 3,5 statlege inkl delt leder med NAV Sykkylven	1,5 kommunale 3,5 statlege inkl delt leder med NAV Sykkylven

Ressursinnsats:

	Budsjett 2017(J)	Rekneskap 2017	Budsjett 2018(J)	Budsjett 2019	Endring %
0 Lønn	646 554	619 315	655 613	1 047 869	59,8 %
1-4 Drift	534 893	604 386	652 893	902 893	38,3 %
5 Finans	25 825	-	-	-	n.a.
Sum drift	1 207 272	1 223 701	1 308 506	1 950 762	49,1 %
6 Salsinntekter	-	-13 571	-	-	#DIV/0!
7-9 Overføringar	-	-35 360	-15 000	-15 000	n.a.
Inntekter	-	-48 930	-15 000	-15 000	0,0 %
Netto utgifter	1 207 272	1 174 771	1 293 506	1 935 762	49,7 %

Mva er trukket ut av summene for artsgruppene 1-4 og 7-9 for å gjere tala meir samanliknbare.

Mål for verksemda:

I verksemdsplanen for NAV Stranda for 2018 står det:

Brukar

Inga avgjerd om meg, utan meg

- Brukarar under 30 år, flyktningar og langtidsledige er prioriterte målgrupper og skal følgjast tett opp.
- Vi skal frigjere tid til tettare oppfølging av brukarar og arbeidsgjevarar ute i bedriftene, og på brukarane sine arenaer
- Vi skal vere tett og tidleg inne i sjukefråversoppfølginga.
- Vi skal ha rett innsats til rett tid i oppfølginga av brukarane.
- Vi skal ha betre og tettare samarbeid med andre i hjelpeapparatet.
- Vi skal auke og utvikle kontakten med og samarbeidet med arbeidsgjevarane.
- Vi har eit ekstra fokus på barns levevilkår.

Kompetanse

- Vi skal bli tryggere på å handtere nye løysingar og arbeidsmetodar.
- Betre veiledningskompetanse.
- Auke kompetanse om rus og psykisk helse.
- Auke kompetanse innan behovsvurderingar, avklaringar.
- KVP og Sosialtenestelova § 17

Økonomi

- Kontroll på drifts- og tiltaksbudsjett.
- Fokus på at sosialhjelp er siste utveg. Tidleg overgang til arbeid/aktivitet.

Tiltak for å nå måla:

Vi går gjennom brukarporteføljane for å sikre at vi prioriterer rette grupper

Vi har mindre oppe for drop-in for å få meir tid til å følgje tett opp prioriterte grupper

Vi har hatt opplæring av Fylkesmennen i sosialtenestelova.

Vi har sagt vi skal halde mykje av brukaroppfølginga ute på arbeidsplassane

Vi har faste møte med andre delar av hjelpeapparatet som legar, barnevern, hab/rehab, rus/psykiatri, flyktningtenesta

Utfordringar:

Vi har ei utfordring knytt til at vi har eit lite kontor med få tilsette. Dette gjer oss sårbare. Vi er sårbare ift kontinuitet, sjukefråvær, anna fråvær.

Vi ser ei utfordring i form av ein opplevd auke av brukarar med samansette behov og utfordringar innan rus/psykiatri. Vi har behov for eit betre heilskapeleg tilbod til denne gruppa i Stranda kommune

Vi ser at mottak av flyktningar genererer auka ressursbruk. Vi samarbeider tette med flyktningtenesta, og vi ser at mange av flyktningane treng/vil trenge mykje bistand frå NAV for å kome i jobb og bli økonomisk sjølvstendige. Det er og ein naturleg utvikling at mottak av flyktningar vil gi ein auke i sosialhjelpsutgifter, og i 2019 veit vi at denne auke vil kome

Kommunereform og forventningar om endringar knytt til NAV kontorstruktur (færre og større einingar) vil utfordre NAV lokalt. Det er signalisert at fleire oppgåver skal tilbake til NAV kontora, men dette fordrar at kommunane og NAV organiserer seg med større NAV kontor.

KULTUR OG FRITID

Kort skildring av verksemda:

Einingsleiar Marianne Bakke Omenås

Eininga omfattar Stranda folkebibliotek m/filial i Geiranger, Stranda kulturskule, Stranda ungdomsråd, allmenn kultur og idrett, kultur- og idrettsbygg, idrettsanlegg. Eining Kultur og fritid har til oppgåve å legge forholda til rette slik at innbyggjarane i kommunen får høve til å oppleve og ta del i eit større mangfald av kulturuttrykk. Eininga har tilhald i Storfjord Kulturhus.

Bemanning:

	2016	2017	2018	2019B
Antall tilsette	11	13	13	12
Antall årsverk	5,6	6,5	6,5	6,7

Ressursinnsats:

	Budsjett 2017(J)	Rekneskap 2017	Budsjett 2018(J)	Budsjett 2019	Endring %
0 Lønn	3 911 523	3 902 205	4 025 731	4 082 157	1,4 %
1-4 Drift	2 350 399	2 824 184	2 224 913	2 239 725	0,7 %
5 Finans	-	73 873	-	-	n.a.
Sum drift	6 261 922	6 800 262	6 250 644	6 321 882	1,1 %
6 Salsinntekter	-1 679 990	-1 555 569	-1 638 500	-1 840 350	12,3 %
7-9 Overføringar	-238 850	-911 286	-248 850	-100 000	n.a.
Inntekter	-1 918 840	-2 466 855	-1 887 350	-1 940 350	2,8 %
Netto utgifter	4 343 082	4 333 407	4 363 294	4 381 532	0,4 %

Mva er trukket ut av summane for artsgruppene 1-4 og 7-9 for å gjere tala meir samanliknbare.

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Kulturskulen:

- Sjukemeldingar frå nøkkelpersonell. Har påverka drifta i svært stor grad i første halvår. Skuldast private tilhøve utanfor skulen. Situasjonen er ikkje løyst, men vi har funne fungerande løysingar som sikrar drifta.
- Sviktande inntekter på grunna av dårlegare oppslutning enn forventa om enkelte tilbod. Dette har delvis si årsak i pkt.1. Vanskeleg å kunne gjere noko med dette.
- Svært gode og kompetente medarbeidarar som i dei fleste tilfelle yt meir enn forventa. Mange motiverte elevar. Godt samarbeidsklima mellom kulturskulen og andre skular i kommunen.

Biblioteket:

- I Biblioteklova av 2013 kap.1-§1 står det bl.a.: «Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt».
- Det er ikkje avsett ressursar i budsjettet til arrangement i biblioteket, slik som vi, iflg. lova, er pålagde å ha.
- Biblioteka har jamt godt besøk i opningstida, og tilbakemeldingane på servicen er gode.

Strandahallen:

- Etterslep på vedlikehald på tekniske installasjonar og utstyr er stadig veksande, for lite ressursar til oppfølging av tilsyn, vernerunder, brannøvingar o.l

Den daglege drifta i eininga går som forventa ut ifrå dei utfordringane som er beskrivne. Eininga styrer innanfor budsjетtramme.

Mål for verksemda:

1) For biblioteket:

Gjennomgang og kassering i heile samlinga – (ca. 30 000 enh.)

2) For allmenn kultur m/idrett:

Fortsette arbeidet med å utbetre etterslep på vedlikehald i Strandahallen

3) For kulturskulen:

Fortsette det pågåande arbeidet med kompetanseheving blant perrsonalet

Tiltak for å nå måla:

- 1) Sette inn nok ressursar til dette areidet med hjelp frå M&R fylkesbibliotek
- 2) Midlar løyvt over budsjett, innsats frå vaktmestertjenesten og investeringsmidlar
- 3) Bruke fellestida til kollegialt samarbeid, refleksjon og utviklingsarbeid, og velge eitt fagleg fokusområde med tanke på implementering i skuleåret 2019-2020

Utfordringar:

Ressurssituasjonen er stadig utfordrande for eininga, det er lite eller ingen ting ein kan få gjort mht mangfald av kulturuttrykk. Det har i fleire år vore ønske om, og delvis lovnad frå politisk

hald om ein skatepark for born og unge. Det vert også etterlyst møteplassar for born og unge som ikkje er ein del av organisert idrett, vi treng meir tilrettelegging for frilutsliv, lavterskeltilbod sett i lys av eit folkehelseperspektiv, der må vere meir fokus på integrering av flyktningar og arbeidsinnvandrarar i kulturtilbodet , det trengst meir lokale for innandørs trening, nytt lokale for å samle all danseundervisning i kulturskulen, for å nemne noko.

Etter fleire år med ei delt 100% stilling mellom einingsleiar kultur og fritid og bibliotekleiar (50/50) er utfordringane med dette svært synlege. Stranda kommune må prioritere og legge til rette for å tilsette kulturleiar i 100% stilling og bibliotekleiar i 100% stilling. Kulturfeltet er stort og omfattande og må for framtida takast hand om på ein betre måte for å stette dei lovpålagde oppgåvene, og for å yte innbyggerane i Stranda kommune dei kulturtjenestene dei har krav på.

PLAN/MILJØ/NÆRING

Kort skildring av verksemda:

Eininga omfattar sakshandsaming innan næring, landbruk, skogbruk, plan, kart, oppmåling og byggesak.

Bemanning:

	2016	2017	2018	2019B
Antall tilsette	6	8	8	9
Antall årsverk	5,45	7,2	7,2	8,2

Ressursinnsats:

	Budsjett 2017(J)	Rekneskap 2017	Budsjett 2018(J)	Budsjett 2019	Endring %
0 Lønn	4 078 819	4 144 631	4 616 559	5 199 975	12,6 %
1-4 Drift	4 623 827	4 998 509	5 773 215	4 931 944	-14,6 %
5 Finans	821 396	810 779	758 619	200 000	-73,6 %
Sum drift	9 524 042	9 953 919	11 148 393	10 331 919	-7,3 %
6 Salsinntekter	-1 926 972	-2 601 383	-2 279 425	-2 483 235	8,9 %
7-9 Overføringar	-3 068 873	-5 062 040	-3 042 374	-2 100 685	-31,0 %
Inntekter	-4 995 845	-7 663 423	-5 321 799	-4 583 920	-13,9 %
Netto utgifter	4 528 197	2 290 496	5 826 594	5 747 999	-1,3 %

Mva er trukket ut av summene for artsgruppene 1-4 og 7-9 for å gjere tala meir samanliknbare.

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Næring: Arbeid med strategisk næringsplan og politiske føringar for næringsutvikling prioritert. Elles mykje sakshandsaming i samband med landbruk.

Plan: Stor saksmengde og aukande arbeidsmengde. Tilsett ny planleggar i september 2018, samt eittårig prosjektstilling innan plan frå oktober 2018 til oktober 2019..

Byggesak: Framleis stor saksmengde på bygg. Om lag 1/3 av sakane krev dispensasjon frå plan, som krev ekstra sakshandsaming og auka ressursbruk. Ein har ikkje fått prioritert tilsyn av byggesaker i tilstrekkeleg grad. Dette må ein løfte opp 2019.

Generelt: Mykje tunge sakar krev mykje tid og ressursar. Særskilt gjeld dette innan plan, men også innan næring og byggesak.

Mål for verksemda:

- 1) Kunne tilby gode tenester til innbyggjarar og næringsliv.
- 2) Føre fleire tilsyn i byggesakar, samt oppfølging av ulovlege tiltak etter plan- og bygningslova.
- 3) Nyttegjere seg av dei auka personalressursane best mogeleg, ved at ein til ein viss grad kan nyttegjøre seg av ressursane på tvers av fagfelt der ein ser behovet er størst.

Tiltak for å nå måla:

- 1) Ha fokus på tilgjengelegheit og rettidig sakshandsaming innan alle fagfelt. Fast telefontid innan byggesak.
- 2) Auka personalressurs gjer det mogleg å prioritere dette. Sette opp ein tilsynsplan, som seier noko om kor mange tilsyn ein skal ha i året, og kva fokus ein skal ha i tilsyna.

Utfordringar:

Næring: Næringslivet i Stranda kommune er i stadig utvikling, og det er viktig at kommunen er attraktiv for næringslivet.

Plan: Feire større planer er under utarbeiding, og krev store ressursar. Høg bruk av konsulentar for kommunale planar, gjev høge kostnader for avdelinga.

Kart/oppmåling: Nedgang i innkomne sakar i 2018. Likevel er det venta at det vil ta seg opp i dei kommande åra, då det er mange påstarta reguleringsplanar i Stranda kommune.

Byggesak: Framleis stor saksmengde. Tilsyn krev forholdsvis mykje tid, spesielt der tilsyn fører til ulovlighetsoppfølging. Det er stadig fleire kompliserte saker, og ein ser utfordringar i at det ikkje er ansatt ein jurist i administrasjonen.

KOMMUNALTEKNIKK/BRANNVERN

Kort skildring av verksemda:

Drift og vedlikehald av kommunale vassverk og reinseanlegg for avløp, samt tilhøyrande infrastruktur. Drift og vedlikehald av kommunale vegar, grøntanlegg og parkar. Brannførebygging og brannberedskap.

Bemanning:

	2016	2017	2018	2019B
Antall tilsette	14	14(52*)	14(52*)	15(53*)
Antall årsverk	13	13,94	13,94	13,94

(*dersom ein inkluderar brannmannskap)

Ressursinnsats:

	Budsjett 2017(J)	Rekneskap 2017	Budsjett 2018(J)	Budsjett 2019	Endring %
0 Lønn	14 967 879	16 160 914	15 041 838	14 673 730	-2,4 %
1-4 Drift	31 072 023	24 146 114	23 321 965	23 989 139	2,9 %
5 Finans	3 883 247	2 607 096	2 453 408	2 064 271	-15,9 %
Sum drift	49 923 149	42 914 123	40 817 211	40 727 140	-0,2 %
6 Salsinntekter	-34 451 989	-26 544 890	-21 785 191	-20 877 596	-4,2 %
7-9 Overføringar	-2 823 106	-3 844 320	-4 801 105	-6 878 450	43,3 %
Inntekter	-37 275 095	-30 389 210	-26 586 296	-27 756 046	4,4 %
Netto utgifter	12 648 054	12 524 913	14 230 915	12 971 094	-8,9 %

Mva er trukket ut av summene for artsgruppene 1-4 og 7-9 for å gjere tala meir samanliknbare.

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Brann/feiing: Mykje påkravd utdanning av brannvesen.

Veg: Der er ein tilsett på om lag 70 km veg. Må leige inn eksterne for å rekke over det mest naudsynte av vedlikehald (kosting, høvling, spreing av kalsium etc.). Høgt investeringsgrad på asfaltering over tid vil lette vedlikehaldet.

Vatn: To damanlegg som krev sertifisering og oppsyn etter krav frå NVE. Dette er oppgåver som kommunen ikkje har kompetanse til per i dag. Stadig utskifting av eternittrør er prioritert.

Park: Sesongen til park blir lenger pga. forlenga turistsesong, og auka krav i den samanheng.

Teknisk generelt: Fleire prosjekt har vorte meir omfattande enn rekna. Dette har ført til at mange prosjekt har sein oppstart.

Mål for verksemda:

- 1) Fortsette arbeidet med utskifting av eternittrør.
- 2) Arbeide med sertifisering av dammar.

Tiltak for å nå måla:

- 1) Sette av midlar i VAR-budsjettet til utskifting av eternittrør.
- 2) Finne god løysing for innhenting av VTA-kompetanse.

Utfordringar:

Veg: Per dags dato er det berre ein tilsett som arbeidar med drift og vedlikehald av kommunale vegar. Dette er ikkje tilstrekkeleg i lengda. Etterslepet på vedlikehald av vegar, samt grøfterydding langs vegar, er stort.

Vatn: Nye krav i samband med krav til sikring av kommunen sine dammar (Svartevatn og Buvatn), krev at kommunen må ha ein VTA-ansvarleg. Denne kompetansen er det ingen i Stranda kommune som har. Med andre ord må kommunen leige inn VTA-ansvarleg inntil kommunen har dette internt.

Avløp: Tilsynsarbeid med mindre avløpsarbeid har starta opp, og krev oppfølging. Stranda RA har utfordringar i høve reinseprosessen.

Park: Vedlikehald og stell av kommunale parkar og friluftsområder, er eit område som er spesielt i fokus i ein turistkommune som Stranda. Krav og forventningar til tenesta aukar, og med dette arbeidsmengda.

VAKTMESTERTENESTA

Kort skildring av verksemda:

Drift og vedlikehald av kommunale skular, barnehagar, omsorgssenter og idrettshallar. Dagleg vedlikehald og dels tilpassing av hjelpemiddel ligg også til vaktmeistertenesta (50%).

Bemanning:

	2016	2017	2018	2019B
Antall tilsette	4	5	5	6
Antall årsverk	4	4,2	4,2	5,2

Ressursinnsats:

		Budsjett 2017(J)	Rekneskap 2017	Budsjett 2018(J)	Budsjett 2019	Endring %
0	Lønn	2 414 610	2 483 783	2 567 305	3 149 851	22,7 %
1-4	Drift	727 589	821 134	934 089	1 212 500	29,8 %
5	Finans	-	-	-	-	n.a.
	Sum drift	3 142 199	3 304 917	3 501 394	4 362 351	24,6 %
6	Salsinntekter	-	-	-	-	n.a.
7-9	Overføringar	-	-41 645	-	-	n.a.
	Inntekter	-	-41 645	-	-	n.a.
	Netto utgifter	3 142 199	3 263 272	3 501 394	4 362 351	24,6 %

Mva er trukket ut av summane for artsgruppene 1-4 og 7-9 for å gjere tala meir samanliknbare.

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Ein hadde ved inngangen til 2018 håp om å få betre struktur på vaktmeistereininga. Dette har vist seg vanskeleg, då det er mange rutineoppgåver på dei forskjellige bygga som gjer at ein ikkje fritt kan disponere mannskapet til større vedlikehaldsoppgåver. Det er framleis utfordringar vedrørande ansvarsforhold mellom vaktmeistereininga og dei einingar som vaktmeistrane yter tenester til.

Dei tilsette vaktmeistrane har arbeida hardt med å få dei løyvde midlane til å strekke til mest mogleg, men vedlikehaldsetterslepet på fleire kommunale bygg er stort, og vaktmeistertenesta har ikkje hatt ressursar nok til å dekke alle einingars ynskjer og behov. Dette gjev eit stort press og belastning på vaktmeistrane, og ein er nær ved å slite ut dei tilsette om ein ikkje sett inn tiltak.

Det er si stor utfordring at vaktmestertenesta ikkje har eige verkstad og lager. Dei områda som tenesta disponerer i dei forskjellige bygga, er ikkje tilrettelagt for ei samordna vaktmeisterteneste, og er stort sett ikkje egna for det behovet ein har i dag i tenesta.

I tillegg er det store oppgåver, særskild innan utandørs måling, som står for tur.

Mål for verksemda:

Utarbeide vedlikehaldsplan for kommunale bygg, slik at det vert lettare for tenesta å gjere ei god prioritering av arbeidsoppgåvane som skal gjerast. Samordne service- og vedlikehaldsavtalar som dei forskjellige bygga har krav om.

Tiltak for å nå måla:

Auka ressursbruk på administrering av eininga.

Utfordringar:

Det store etterslepet på vedlikehald gjer at ein stadig kjem i situasjonar med påkravd reperasjonar som følgje av tilsyn og kontrollar frå eksterne. Dette blir oftast dyrare enn om ein kunne tatt reperasjonane tidlegare.

Få personar gjer eininga svært sårbar ved fråvær.